

Pandemiens skjebnar

Jørgen Rode Gjøsund kjende seg einsam på det vesle hybelrommet. Den nytilflytta studenten kom til Bergen utan å kjenne nokon og fekk ikkje etablert sosiale haldepunkt i den nedstengde studentbyen. For Jørgen var høgdepunktet i kvardagen å trene, men så stengde treningssentera. Han opplevde inga tilhøyrslø i den nye byen og det sosiale livet blei røska vekk. Då Jørgen skjønnte at pandemien kom til å bli langvarig, møtte han veggen. Faste rutinar blei vanskelege å følgje. Han drakk ofte for å roe ned. Manglande matlyst hadde han også. Det blei som oftast eitt måltid om dagen. Til slutt sleit han med å komme seg ut av senga og følte at han kasta vekk dagane. Det var som om verda rasa saman. Jørgen var klar for å gje opp og avslutte alt.

Aldri før har så mange studentar sagt at dei er einsame eller slit psykisk. Tal frå Studentane si helse- og trivselsundersøking 2021 viser at nesten halvparten av studentane slit med alvorlege psykiske plager. 45 prosent av studentane har det som kan karakteriserast som eit høgt nivå av psykiske plager. 54 prosent av studentane svarer på eitt av tre spørsmål at dei ofte eller svært ofte saknar nokon å vere saman med.

30. oktober 2020 endra livet til Mona Ingebrigtsen Kristensen seg drastisk og det skulle aldri bli det same igjen. Heilt sidan den dagen har familien i Kristiansand kjent på eit tomrom. Saknet etter dottera er noko av det verste ei mor kan oppleve. Marte ville ikkje døy - ho hadde alltid hatt eit ynskje om å leve. Då livsviktige tilbod blei fjerna over natta, blei det for vanskeleg for dottera å halde ut. No må Mona leve vidare med sorga og ynskjer å opne opp for om mogeleg å hjelpe andre i liknande situasjonar.

Det var lenge eit manglande fokus på psykisk helse under krisa og pandemien har påverka den generelle folkehelsa. Ein rapport frå Folkehelseinstituttet viser at pandemien ramma skeivt i Noreg og at unge og studentar blei hardast råka fordi dei opplevde den største belastninga av tiltaka over tid. FHI meiner det er behov for meir kunnskap om konsekvensane av pandemien på lang sikt. Instituttet vil prioritere forskning på seinfølger av covid-19 og mogeleg langtidskonsekvensar av tiltak for barn og unge.

Celina Beate Reusch Sæle gjekk frå ungdom til ung vaksen under pandemien. Då koronaviruset kom, gjekk ho tredje året på vidaregåande skule. Ho hadde ein usikker skulekvardag prega av digital undervisning og strenge restriksjonar. I 2021 var ho viserussepresident der målet var å planleggje ei best mogeleg russetid i tråd med

smittevernreglane. 50 000 avgangselevar var klare for å innvie ei russetid dei hadde brukt mykje tid og pengar på å planleggje, men som kanskje ikkje ville bli noko av. Russen måtte belage seg på ei feiring prega av pandemi og restriksjonar. Det meste blei avlyst og det var som om dei jobba hardt for noko som ikkje kunne realiserast. Etter 13 år med skulegang, flytta Celina til Stord for å studere bachelor i sjukepleie. No fokuserer ho på framtida, men det er inga enkel oppgåve når kvardagen framleis er usikker.

Dei strenge tiltaka førte til at mange ungdommar gjekk glipp av dyrebar ungdomstid. Ingen veit kor store etterverknadane av covid-19-pandemien vil bli på sikt, og det er grunn til å frykte helsekonsekvensane for born og unge i framtida. Motivasjonen for å lage denne historiske dokumentasjonen, var å finne ut korleis kvardagen og livet til dei unge blei snudd på hovudet og kva slags konsekvensar den globale pandemien har fått.

Norsk psykologforening har merka ei stor auke i psykisk helseteneste for born og unge dei siste to åra. President Håkon Kongsrud Skard seier dei unge i alderen 10-25 år har ofra mest under pandemien. Skard meiner psykisk helse i liten grad blei tatt med i vurderinga under regjeringa si utforming av smitteverntiltak, og at den totale tiltaksbyrda ikkje blei vega opp mot smitterisikoen. Presidenten trur vi som samfunn vil merke kostnadane på lang sikt.

Tal vi har henta inn og analysert frå dei største studentsamskipnadane i landet, viser ei stor auke i etterspurnad etter psykologtenester etter 12. mars 2020. Studentskipnaden i Oslo, Sammen Studentsamskipnaden på Vestlandet, Sit Studentsamskipnaden i Gjøvik, Ålesund og Trondheim og Noregs arktiske studentsamskipnad har alle sendt oss statistikk som viser etterspurnaden på psykologtenester frå år 2000 og fram til i dag. Vi valde å kontakte Bergen, Oslo, Trondheim og Tromsø fordi det er der studentane har merka mest til dei strenge restriksjonane over tid.

Vi er begge unge vaksne som sjølv har kjent på kroppen korleis det er å vere student i eit nedstengd og usikkert samfunn. Tråden i den praktiske leveransen er korleis unge vaksne si psykiske helse er påverka av pandemien. Gjennom fleire ulike møte og djuptgåande intervju over ei tidsperiode på eitt år, får vi innsikt i korleis hovudpersonane våre opplever pandemien og blir påverka av restriksjonane over tid. Prosjektet fokuserer på å løfte stemmene til enkeltmenneske i samfunnet. Hovudpersonane speglar korleis pandemien har påverka menneske i ulik negativ grad. Alle kan ha det tøft uansett kjønn, alder og utgangspunkt. Det heile starta med nysgjerrig undring og eit genuint ynskje om å forstå korleis studentar og unge

vaksne opplever pandemien, korleis det er å vekse opp i eit nedstengd samfunn og å leve under ein global pandemi.

Innhaldet blir presentert som ein dokumentar samansett av ulike videoklipp, bilete og tekst. Vi har vald denne presentasjonsforma fordi vi presenterer ei blanding av både publisert og upublisert materiale. Som ein del av prosjektet har vi i samarbeid med TV 2 publisert TV-reportasjar, nettsaker og innhald til sosiale medium. Dette er også ein del av den praktiske leveransen. I løpet av hausten vil vi fullføre ein dokumentarfilm frå prosjektet. TV 2 har vist interesse for at denne kan bli publisert på TV 2 Play og/eller sendt på TV 2 Nyhetskanalen. Samarbeidet har også sikra oss tilgang og bruk av relevant arkivmateriale om virusutbrotet.

Bak dette produktet ligg det over eit års undersøkende arbeid. Dette utgreier eg grundig for i metoderapporten. Vi håpar at prosjektet blir oppfatta som eit nyttig bidrag for ny kunnskap om korleis unge vaksne har blitt ulikt påverka av covid-19-pandemien og dei påfølgjande restriksjonane. I det pandemien går mot slutten vil truleg journalistikken bere preg av eit kritisk blikk retta mot den dåverande regjeringa si pandemihandtering. Forhåpentlegvis kan prosjektet bidra til at fleire ynskjer å forske vidare på konsekvensane og dei psykiske følgjene av nedstenginga.

Til sist kjem den teoretisk-analytiske oppgåva som tar for seg programleiarrolla i tv-dokumentaren. Der intervjuar eg ulike programleiarar for å få tips til korleis eg kan bruke meg sjølv betre i det praktiske produktet. Ved å svare på problemstillinga, tileigna eg meg kunnskap som bidrog til å styrke den praktiske leveransen.

Journalistisk produkt: Pandemiens skjebnar

For å sjå det praktiske produktet, må sensor klikke seg inn via denne lenka:

<https://sites.google.com/view/pandemiensskjebnar/start>. Somme plassar kan ein med fordel zoome inn på dei ulike bileta for å sjå innhaldet betre. Dersom sensor mot formodning ikkje har tilgang, må ein søkje om dette. Då vil vår praktiske rettleiar Per Christian Magnus godkjenne førespurnaden via mail. I nødstilfelle har vi også samla alle klippa i denne mappa <https://drive.google.com/drive/folders/1jR5IbEytUZydCBuDbySEpGh7ME5yjW36> og nummerert dei slik at det skal vere enkelt for sensor å finne fram. (Det er ein fordel å vere innlogga med Google Drive-konto)

Innhaldsliste, metoderapport

Innleiing:

Slik byrja det: Då Noreg stengde ned.....	5
Organisering av arbeidet.....	6
Val av plattform og format.....	6
Tilskodar og deltakar: Å sjølv ta del i historia.....	7
Metodebruk:	
På jakt etter casar.....	8
Kjeldepleie over tid.....	10
Søk i arkivmateriale.....	12
Etiske utfordringar:	
Omtale av sjølv mord.....	12
Handtering av etterlatne.....	12
Motstand og spesielle utfordringar:	
Vanskelege kjelder.....	14
Covid-19.....	16
Tilsvarsrunden.....	16
Avslutning.....	16

Innleiing

Slik byrja det: Då Noreg stengde ned

26. februar 2020 kjem meldinga om at ei kvinne i Tromsø har fått påvist det berykta koronaviruset. Det som før hadde vore eit virusutbrot i Wuhan, Kina, kjem stadig nærare vår eigen kvardag her i Noreg.

8. mars 2020 blir den første koronasmitta personen lagt inn på Drammen sjukehus. Viruset rammar stadig fleire nordmenn. No er det alvor.

12. mars 2020 stenger landet ned og Erna Solberg innfører dei strengaste og mest inngrepande tiltaka vi har hatt i Noreg i fredstid. 621 personar er no registrert smitta av viruset og vi får vårt første koronarelaterte dødsfall.

15. mars 2020 talar Kong Harald til nasjonen og omtalar situasjonen som uverkeleg, framand og skremmande. Vi kjenner verken igjen kvardagen vår eller verda rundt oss. Dette er første gongen, med unntak av 22. juli og dei årlege nyttårstalane, at Kongen talar til folket.

Stadig fleire blir permitterte og befolkninga innser for alvor at viruset er komme for å bli. På eit tidspunkt er talet på permitterte og arbeidsledige i Noreg det høgaste vi har hatt sidan andre verdskrig. Vi må innfinne oss med bruk av munnbind, 2 meter avstand og lite sosial kontakt. Skular og universitet stenger. Digital undervisning er den nye kvardagen. Karantene og isolasjon blir inkorporert i daglegtalet. Arrangement blir avlyst og møte med nære og kjære må droppast.

Tida går. Verda står stille. Alle sit aleine i kvar sin heim.

Korleis påverkar dette dei unge si psykiske helse? Kva blir konsekvensane på lang sikt?
Korleis tar Noreg vare på dei sårbare? Vil samfunnet måtte betale i dyre dommar i ettertid?

Alle desse spørsmåla kom til meg på rekkje og rad. Eg er sjølv student og ung vaksen under pandemien. Eg kjende på kroppen korleis det var å sitte heime med digital undervisning utan moglegheit til å møte vennar og kjente. Heldigvis fekk eg behalde jobben og slapp heimekontor, men tankane gjekk til dei mange i same situasjon som meg som i tillegg blei permitterte.

Nysgjerrigheita var vekka. Eg ville møte dei. Eg ville høyre historia deira. Korleis påverka nedstenginga psyken? Det heile starta. Ved hjelp av nysgjerrig undring og eit genuint ynskje om å forstå meg på nedstenginga og dens konsekvensar, byrja prosjektet sakte men sikkert å ta form.

Vi har retta eit kritisk blick mot den tidlegare regjeringa og måten dei handterte pandemien på. Våre hovudpersonar reflekterer rundt regjeringa si pandemihandtering og kva dei meiner burde ha blitt gjort annleis. Dei strenge tiltaka førte til at ungdommar gjekk glipp av dyrebar ungdomstid. Hypotesen vår var at fleire årskull av norsk ungdom måtte sterkt nedprioriterast for å skjerme dei eldste og mest sårbare i samfunnet. Har regjeringa øydelagt framtidsutsiktene til fleire årskull med håpefull norsk ungdom på veg inn i vaksenlivet? Kva er konsekvensane av dette, korleis påverkar det psyken og kva tenkjer dei unge om framtida? Ingen veit kor store etterverknadane av covid-19-pandemien vil bli på sikt, og det er grunn til å frykte helsekonsekvensane for born og unge. Difor ville vi lage denne historiske dokumentasjonen som viser korleis kvardagen og livet er for nokre av dei unge under pandemien.

Organisering av arbeidet

Før vi byrja med arbeidet, måtte vi planleggje arbeidsfordelinga. Vi gjorde begge research til oppgåva. Eg haldt kontakten med kjelder og hovudpersonar. Partneren min filma og hadde kontroll på det tekniske. Når opptaka var ferdige, laga vi manus og klippa råstoffet saman.

For å ha kontroll på alt av materiale, laga vi ei Google Drive-mappe med bilete, dokument, kjelder, logging, tal, statistikk, tidlegare saker, manus og dreiebok. Dette gjorde det enklare å manøvrere i den store mengda med informasjon og saksdokument. Kvar enkelt kjelde fekk si eiga mappe med ulike dokument og informasjon.

Val av plattform og format

Innhaldet blir presentert som ein dokumentar samansett av ulike videoklipp, bilete og tekst. Vi har vald denne presentasjonsforma fordi vi presenterer ei blanding av både publisert og upublisert materiale. Som ein del av prosjektet har vi i samarbeid med TV 2 publisert TV-reportasjar, nettsaker og innhald til sosiale medium undervegs. Dette er også ein del av den praktiske leveransen. Produktet består av alt frå harde nyheitsreportasjar til innlegg i sosiale medium. Det viser omfanget av alt vi har jobba med det siste året. Vi meiner plattformen og

formatet som blir presentert, er den beste måten å vise fram det undersøkkande arbeidet vårt på.

Tilskodar og deltakar: Å sjølv ta del i historia

Kan journalisten vere tilskodar til verda? Kan journalisten vere deltakar i verda? Kan journalisten unngå å vere deltakar? Desse journalistiske dilemmaa reflekterer Martin Eide over i boka *Hva er journalistikk?*

Samfunnsvitskap og undersøkkande journalistikk har same opphav og derav mange parallellar. Dette skuldast deira forankring i samfunnsforskninga. Samfunnsvitaren og journalisten har same samfunnsoppdraget; å opplyse og søkje sanning. Metodane for å komme dit er gjennom datainnsamling og bruk av både kvalitativ og kvantitativ metode. Likevel har journalisten eit breiare spekter av metodar å komme fram til denne sanninga på. Det er til dømes færre etiske avgrensingar for eit journalistisk innsamlingsarbeid enn for eit forskingsprosjekt. Det er først og fremst det formmessige som skil dei to (til dømes skriv ikkje journalisten med fotnotar).

Begge stader gjeld dilemmaet kring tilskodar og deltakar. Samfunnsvitaren er eit handlande subjekt, både bevisst og ubevisst, innanfor det samfunnet han studerer. På lik måte som journalisten kan bli ein del av historia han fortel, kan samfunnsvitaren bli ein del av eige forskingsobjekt. Begge kan endre røynda ved å ta del i ho og blir dermed aktørar med avgrensa tilskodarposisjon. Vi skil mellom den engasjerte deltakinga og den tilbakeleente distansen. Dette skildrar Hans Skjervheim godt i essayet *Deltakar og tilskodar* frå 1957. Journalisten går somme gonger over frå å vere tilskodar til å bli deltakar. Han skal ikkje berre setje problem på dagsorden, men også bidra til å løyse dei. Vi kan samanlikne det med ein fotballbane. Medan biologen er ein tilskodar på tribunen, tar journalisten og samfunnsvitaren del i spelet på banen. Dei tar del i samfunnet rundt seg som deltakarar. Det er viktig å vere bevisst på at ein som journalist er fanga av begge rollene og dermed er med på å påverke det som skjer rundt seg.

I arbeidet med det journalistiske produktet, var eg klar over rolla mi som både tilskodar og deltakar. Eg tok steget vekk frå den objektive rapporteringa og inn i den subjektive synsinga. Eg kommenterte kva eg kjende på i møte med ulike intervjuobjekt. Eit døme der eg tok del i det som skjedde rundt meg, var då eg møtte Mona på gravplassen. Eg hadde allereie møtt ho heime hjå familien dagen før og snakka med ho på telefon i timevis. Ho hadde delt hjarterått

om noko av det såraste ei mor kan oppleve og eg følte på sett og vis at eg kjende ho. Då eg omsider møtte ho på gravplassen, ga eg ho ein klem. Det ville aldri nyheitsjournalisten i meg ha gjort, medan dokumentaristen og programleiaren i meg kjende at det var riktig å klemme. Faktum er at eg påverkar hennar liv ved å gje av meg sjølv. Under opptak tenkte eg gjennom og reflekterte rundt mi rolle som både *tilskodar til* og *deltakar i* verda. Mi rolle som journalist er dermed ikkje fullstendig objektiv. Meir om denne tematikken kjem i den teoretiske delen. For å skulle bruke meg sjølv på ein best mogeleg måte og dermed styrke det praktiske produktet, valde eg i den teoretisk-analytiske oppgåva å undersøkje programleiarrolla i TV-dokumentaren og korleis ein kan bruke seg sjølv for å styrke det journalistiske produktet.

I den praktiske delen fungerer eg som utegåande reporter for å binde saman dei ulike delane og føre historia framover. Det journalistiske produktet beskriv min generasjon under eit fenomen som rammar alle. Eg er sjølv ramma av det eg undersøsker. Eg er i den definerte målgruppa som er studentar og unge vaksne. Dette gjer at eg kan relatere meg lettare til det intervjuobjekta fortel om. Eg møtte folk i same situasjon som meg. Studentar, unge vaksne, dei som normalt sett ville ha utvida sin vennekrets, men i staden sit heime for seg sjølv. Eg er sjølv student og merka korleis stengde universitet og høgskular påverka læringsmiljøet og ikkje minst det sosiale livet. I august 2020 byrja eg på master i undersøkjande journalistikk i regi av SUJO ved UiB. Heile første året bestod av digital undervisning. Eg blei ikkje godt kjend med dei andre studentane slik eg hadde blitt på bacheloren i journalistikk ved same universitetet før pandemien. Dette påverkar mitt perspektiv og kan bidra positivt i møte med intervjuobjekta. Eg er med andre ord ein del av det bildet eg beskriv. Difor har eg vald å bruke meg sjølv i gitte situasjonar for å føre historia vidare mellom møta med dei ulike menneska. Eg fungerer som eit bindeledd mellom dei ulike scenene. Somme gonger reflekterer eg over det som møter meg. Andre gonger held eg avstand.

På jakt etter casar

For å komme i kontakt med studentane, måtte vi oppsøke dei på deira plattformer. Vi sendte ut meldingar på ulike Facebook-grupper om at vi var ute etter unge som ville snakke om pandemi, restriksjonar og psykisk helse. Til vår store fortvilning fekk vi lite napp på desse innlegga. Psykisk helse er eit nokså tabubelagt tema som kan vere vanskeleg å opne opp om. Vi måtte finne andre måtar å oppsøke folk. Vi måtte finne dei - ikkje omvendt.

Ein av dei første tinga vi måtte avklare, var kven vi ynskte å snakke med. Det stod mellom desse alternativa:

- Russ 2021 (på veg inn i russetida, eksamenstid og deretter studietid)
- Ein som sleit før pandemien
- Ein som hadde det bra før, men møtte veggen under pandemien
- Ein som klarte å fullføre graden, men som no står utan jobb
- Førstegongsstudent
- Ein som droppa ut/heng etter
- Utvekslingsstudent
- Etterlatne etter sjølv mord
- Ein som klarer seg bra
- Ein som blei smitta av covid-19

Først måtte vi finne nokon som opplevde å ha det vanskeleg. Heldigvis fekk vi tips om ein student ved UiB som hadde laga ein podkast der han snakka med Jørgen Røde Gjøsund, ein nytilflytta førstegongsstudent som fekk det vanskeleg i Bergen. Eg tok kontakt og fekk høyre lydfila. Jørgen si historie var rå og ufiltrert. Han måtte vi få tak i! 5. mars 2021 tok eg kontakt med Jørgen som gjerne ville stille opp og sa ja ti å vere ein mogeleg hovudperson i prosjektet. Nokre dagar seinare, 10. mars 2021, gjennomførte eg ein bakgrunnssamtale med han over telefon der vi gjekk gjennom rammene rundt prosjektet. I tillegg sendte eg ein lengre mail med info og forventningsavklaring for samarbeidet.

Deretter tok vi kontakt med russen. 25. mars 2021 sendte eg mail til Asdid Eva Omarsdottir, russepresident i Bergen og Vestland, for å høyre om ho hadde forslag til ein russ 2021 som vi kunne følgje. Ho hadde ikkje anledning til å stille, og var lite behjelpeleg med å finne andre alternativ. Vi leita vidare i media i håp om at representantar frå russen hadde uttalt seg. Ein av dei vi fann, var Celina Beate Reusch Sæle, viserussepresident i Bergen og Vestland. 12. april 2021 tok eg kontakt med Celina for å høyre om ho hadde nokon i tankane. Til vår store glede, takka ho sjølv ja til å bidra i prosjektet. Vi avtalte at ho skulle bidra både før, under og etter russetida. I dagane som følgde heldt eg løpande kontakt med ho via mobiltelefon. Vi avtalte eit fysisk møte for å avklare eventuelle spørsmål begge partar måtte ha i forkant av opptaka.

For å belyse kor ille det faktisk kan gå, ville vi møte etterlatne etter sjølv mord. For å finne case her, melde vi oss inn i ulike Facebook-grupper om sjølv mord. I tillegg hadde vi kontakt

med organisasjonen Leve. *Landsforeningen for etterlatte ved selvmord* bidrar til å førebygge selvmord gjennom openheit. Etter å ha leita i kommentarfelt, fann vi ei mor som hadde mista dottera si under pandemien. Ho visste også om fleire som hadde tatt livet sitt i denne perioden. Den 13. oktober 2021 tok vi kontakt og fortalde ho om prosjektet. Ho ville gjerne bidra og dele dottera Marthe si historie i håp om at det kanskje kunne hjelpe andre i liknande situasjonar. Dagen etter, den 14. oktober, gjennomførte eg ein bakgrunnssamtale med ho for å klargjere premissa for samarbeidet. I tillegg fekk eg meir informasjon om hennar situasjon og Marthe si historie. Dette var ein lang og fin prat. Eg gjekk nokre rundar på om ho var riktig person å snakke med. Det var både rus og psykiatri innblanda. Dette er saker som kan vere krevjande å jobbe tett på som journalist. Etter ei stund vurderte vi at det var rett å inkludere Marthe si historie i prosjektet. Den 20 november 2021 ringte eg Mona på nytt for å høyre korleis det stod til og for å avtale eit møte i Kristiansand. Meir om dette kjem seinare i rapporten.

Kjeldepleie over tid

Å jobbe med intervjuobjekt over ein lang tidsperiode, kan vere utfordrande. God kjeldepleie er dermed særst viktig i slike prosjekt. Det var viktig for oss at dei som delte hjarterått framfor kamera også følte seg når kamera vår slått av. Gjennom ein tidsperiode på godt over eit år - frå første kontakt med Jørgen den 5. mars 2021, fram til dagen i dag, har eg løpande kontakt med både Jørgen, Celina og Mona. Open og god kommunikasjon er viktig. Samtidig var eg opptatt av å ikkje komme for nær. Det er lett å gløyme journalistrolla i møte med menneske i vanskelege situasjonar. Eg er tross alt journalisten og skal oppretthalde eit profesjonelt band med kjeldene. Difor var det viktig for meg å avklare rolla mi. Til sjuande og sist er eg journalisten. Det inneber at eg også må stille dei kritiske spørsmåla. Eg kan vere eit medmenneske, men eg er ikkje ein del av hjelpeapparatet.

Eg haldt løpande kontakt med Jørgen og den 26. mai 2021 møtte vi han for første gong fysisk i Oslo. Vi inviterte han på ein middag utan kamera for å bli betre kjend før opptak. Dagen etter, den 27. mai, besøkte vi Jørgen på gutterommet i Bærum midt i eksamenstida. Den 17. juni 2021 blei saka om Jørgen sendt i 21-nyheitene på TV 2. Dagen etter publiserte TV 2 nettsak og video via sine flater. Dei neste månadane heldt vi kontakten over SMS og eg fekk tilsendt mobilvideoar i ny og ne. Den 18. desember 2021 møtte vi han igjen i hovudstaden for opptak nummer to. Denne gonger på Jul i Vinterland. Vi var også utanfor Stortinget på demonstrasjon for betre kompensasjonsordning til restaurant, bar og uteliv.

Den 21. april 2021 møtte vi Celina for første gong på Media City Bergen. Dette for å snakke om forventningar og klargjere rammene rundt prosjektet. Ho virka som ein god person å følge, var velformulert, reflektert og svært behjelpeleg. Fredag same veke, den 23. april, gjorde vi dei første opptaka heime hjå Celina på Os. Vi var også innom Statens Vegvesen i Åsane for russebil-godkjenning. Nokre dagar seinare, 28. april, blei reportasjen om amputert russefeiring sendt i 21-sendinga på TV 2. Dagen etter blei nettsak og innhald til sosiale medium publisert via TV 2 sine flater.

12. mai 2021 var russetida offisielt i gang. Eg snakka med Celina i forkant av dåpen og bad ho filme seg sjølv. Etter å ha fått ulike mobilvideoar frå russetida, møttest vi ved Tveitavannet den 31. mai for å summere russetida. Etter opptak heldt vi kontakten via SMS. Ho sendte mobilvideoar dersom det skjedde noko nytt i livet hennar. Etter sommaren avtalte vi å møte ho på Stord for å snakke om hennar nye liv som student. Den 13. januar i år møtte vi Celina for tredje gong og fekk innblikk i korleis det går med ho som sjukepleiestudent på Høgskulen på Vestlandet.

Eg sendte meldingar fleire gongar i månaden for å høyre siste nytt og oppretthalde kontakten med både Jørgen, Celina og Mona. Dersom det skjedde store ting undervegs, bad eg dei reflektere litt til kamera og sende meg ein mobilvideo. Døme på dette er då landet gjenopna i regi av Erna Solberg under pressekonferansen 24. september 2021. Etter 561 dagar med dugnad skulle vi endeleg få leve tilnærma normalt. Dagen etter, klokka fire den 25. september, var den store dagen. Eg bad Jørgen og Celina sendte meg reaksjonar på gladmeldinga - og det fekk eg. Eg fekk også videoar frå eksamenstida og svar på opptak til høgare utdanning. 19. juli 2021 fekk eg tilsendt mobilvideo av Jørgen som fortel at han ikkje kom inn på profesjonsstudiet i psykologi. Dermed blei det endå eit år på Sonans. Samstundes fekk eg tilsendt ein video frå Celina som kom inn på sjukepleie slik ho ynskte.

God kjeldepleie er ein god grunn til at kjelder ikkje vel å trekkje seg. I tillegg publiserte vi nyheitssaker undervegs i arbeidet. Eg trur det var med på å ufarleggjere risikoen fordi historia deira ligg allereie publisert. Oppfølging av kjelder i etterkant av publisering er også viktig. Spesielt om ein deler krise og sorg. Det at dei føler seg sett og ivaretatt etter at saka er ute, var noko vi var opptatte av. Jørgen fekk mange gode tilbakemeldingar i etterkant av publisering

på TV 2 sine flater. Dei har alle uttrykt takknemlegheit og tilfredsheit med den kontakten vi har hatt. Det å føle seg høyrd har vore fint i ein elles tung kvardag.

Søk i arkivmateriale

Samarbeidet med TV 2 sikra oss tilgang og bruk av relevant arkivmateriale om virusutbrotet. Vi tok oss god tid til å leite fram innhald vi kunne dra nytte av i oppgåva. Somme gonger lagra vi stoff etterkvart som det blei sendt via TV 2 sine flater, medan andre gonger søkte vi opp hendingar langt tilbake i tid. Måten vi manøvrerte søket på, var å skrive inn eksakte datoar, stikkord, namn på personar, stader, titlar eller hendingar. Eit døme på dette er «12.03.2020. Erna Solberg. Pressekonferanse» eller «Koronakommisjonen. Pressekonferanse. Koronavirus. 26.04.2022». Etter at vi hadde funne det vi ville ha, redigerte vi det slik vi ville ha det for å passe vårt prosjekt og format. Somme gonger måtte vi leite gjennom haugevis av materiale for å finne det vi var ute etter, medan andre gonger var det lett å finne fram.

Etiske utfordringar: Omtale av sjølv mord og handtering av etterlatne

Norsk presse har hatt ei restriktiv haldning til sjølv mord. Heilt fram til 2006 skulle ein som hovudregel ikkje omtale tematikken i media. Gradvis har vi fått større openheit rundt samfunnsproblemet. Det er alltid ei viss frykt for at sjølv mordsomtale i media kan utløyse fleire sjølv mord. Debatten om glorifisering og romantisering av tematikken kom opp etter Netflix-serien *13 Reasons Why* i 2017 og etter medieomtalen i forbindelse med Ari Behns død i 2019.

Sjølv mord er eit omdiskutert og underdekkta tema i norsk presse. Eg møtte sjølv skepsis då eg presenterte opptaksplanane mine for redaksjonssjefen i TV 2. Han nølte med å ta tak i tematikken i fare for å lage «nok ei trist historie». Han ynskte seg ein fagperson som kunne seie noko kvalifisert om sjølv mord som er framprovosert grunna pandemien eller som kan grunnjevast i koronatiltaka. Dette var vanskeleg. Alle ekspertane eg snakka med, var vage. Ingen ville påstå at A fører til B. Eg meiner likevel det er ein sær viktig tematikk å snakke om då det er av dei vanlegaste dødsårsakene blant unge i landet vårt. Det er eit informasjonsbehov der ute. Saker om sjølv mord utløyser ofte svært mange presseetiske dilemma og det er framleis usemje rundt kva som er greitt og ikkje. Journalisten møter ei rekkje etiske vurderingar og val undervegs i arbeidet.

Omtale av sjølvord og handtering av etterlatne og sårbare kjelder er vanskeleg. I arbeidet med tematikken nytta vi Norsk Redaktørforening sin rettleiar for korleis omtale sjølvord i media:

Ti råd om sjølvordsomtale

1. Ver opne
2. Unngå omskrivingar
3. Ver bevisst på detaljbruka
4. Vis omsyn overfor dei etterlatne
5. Ver på vakt mot glorifisering når kjende personar tar sitt liv
6. Avklar rolla di
7. Ta med informasjon om kvar ein kan søkje hjelp
8. Bidra til å avkrefte mytane
9. Våg å gå nye vegar
10. Fortel om dei etiske vala undervegs

Vi hadde også Ver Varsam-plakaten sine punkt 4.3, 4.6 og 4.9 i bakhovudet:

4.3. Vis respekt for menneskers egenart og identitet, privatliv, etnisitet, nasjonalitet og livssyn. Vær varsom ved bruk av begreper som kan virke stigmatiserende. Fremhev ikke personlige og private forhold når dette er saken uvedkommende.

4.6. Ta hensyn til hvordan omtale av ulykker og kriminalsaker kan virke på ofre og pårørende. Identifiser ikke omkomne eller savnede personer uten at de nærmeste pårørende er underrettet. Vis hensyn overfor mennesker i sorg eller ubalanse.

4.9. Vær varsom ved omtale av selvmord og selvmordsforsøk. Unngå omtale som ikke er nødvendig for å oppfylle allmenne informasjonsbehov. Unngå beskrivelse av metode eller andre forhold som kan bidra til å utløse flere selvmordshandlinger.

Dette var til stor hjelp i møte med dei vanskelege etiske utfordringane som oppstod i møte med denne komplekse problematikken om å ville døden eller velje livet. Rettleiaren var godt integrert i arbeidet og fungerte som ei rettesnor for dei vala vi tok, både bevisst og ubevisst. Familien delte openhjarta, men vi prøvde å kutte ned på detaljane og inkludere berre dei

viktigaste opplysningane for å fortelje Marthe si historie. I staden for å glorifisere, prøvde vi å vektlegge dei negative konsekvensane av sjølv mordet. Vi prøvde så godt det lot seg gjere å bidra til openheit i møte med denne sær s vanskelege, men vel så viktige problematikken.

Vi blei einige om å filme alt familien ynskte å dele. Vi var heime hjå dei, på grava og på ulykkesstaden. Vi fekk høyre alt. Også metode. Når vi returnerte med opptaka, var vi klare på at vi ikkje ville inkludere verken ulykkesstaden eller metoden i saka. Å omtale dette kan vere triggande for andre. Dette valet var relativt lett å ta. Det var også forankra i både Ver Varsamplakaten og Redaktørforeningen sin rettleiar. I tillegg måtte vi vere varsame med bildebruk. Marthe hadde ei dotter. Vi fekk sjå bilete av ho, men ikkje bruke dei i saka. Dette gjorde at vi måtte luke ut ein god del i klippen.

Vi valde å inkludere brevet. I ettertid kan ein debattere om det var riktig avgjersle. Der og då kjendest det riktig. Brevet var ei slags kjærleikserklæring til foreldra, der Marthe påpeikte at dei ikkje hadde gjort noko gale. Den einaste formuleringa som sett i ettertid kanskje er litt tvilsam, er «føler meg klar for å starte mitt nye liv». Dersom denne saka skal publiserast, er dette noko av det eg ville ha diskutert med redaksjonen og gjort ei ny vurdering på.

Vi var heile tida opne med familien. Då saka var ferdig, sende vi ho over slik at dei kunne sjå gjennom og godkjenne ho. Det viktigaste for oss var at dei kjende seg sett og høyrte. Det siste vi ville var å overkøyre dei. Kommunikasjonen oss i mellom har vore veldig fin. Eg har sendt dei tilsvar frå Sørlandet sjukehus og Erna Solberg etterkvart som vi har fått inn det. Dei var også med på å godkjenne spørsmåla i tilsvara. (Meir om tilsvarsrunden kjem seinare i dokumentet). Dette har familien sett pris på. Dei har vore positive til oss både før, under og etter opptak. Eg er i overkant opptatt av det medmenneskelege og meiner mange journalistar gløymer at intervjuobjekta også er folk. Ikkje berre oppslag og lesartal. Dette var viktig for meg i møte med menneska i denne oppgåva. Spesielt fordi dei var i vanskelege og sårbare posisjonar.

Motstand og spesielle utfordringar: Vanskelege kjelder

Vi kom over fleire utfordringar undervegs i arbeidet. Ein av dei var kommunikasjon og samarbeid med Sammen Studentsamskipnaden på Vestlandet. For å snakke med nokon som jobba tett på tematikken kring unge og psykisk helse, tok vi den 13. oktober 2021 kontakt med Sammen Psykologane for å høyre om eit eventuelt samarbeid. Vårt ynskte å gjennomføre

ei kvalitativ intervjuundersøking med psykologane deira for å høyre korleis psykologtenesta opplevde pågangen under pandemien og kva som eventuelt hadde endra seg. Vi såg for oss at dette kunne bli ein av dei større undersøkinge delane av prosjektet vårt. Vi avtalte eit fysisk møte for å snakke om kva prosjektet innebar og korleis vi eventuelt kunne løyse eit mogeleg samarbeid. Vi møtte leiar for Sammen Psykisk Helse Øystein Sandven og direktør for Sammen Råd & Helse Hege Råkil. Sjølv møtet tok over to timar og Sammen var lite samarbeidsvillige. Representantane hadde dårleg erfaring med journalistar og det verka som om dei hadde bestemt seg for å vere vanskelege allereie før vi hadde starta. Vi fekk ikkje lov til å intervju psykologane deira. All informasjon skulle gå gjennom leiinga. Ingen andre fekk uttale seg om deira oppleving under pandemien.

Sammen var også treige på å svare på førespurnadane i etterkant av møtet og kommunikasjon over mail funka dårleg. Sidan vi ikkje fekk det som vi ville, måtte vi tenkje annleis. Vi løfta blikket og inkluderte fleire av studentsamskipnadane rundt om i landet. Vi valde å kontakte Bergen, Oslo, Trondheim og Tromsø fordi det er der studentane har merka mest til dei strenge restriksjonane over tid. Her opplevde vi større samarbeidsvilje enn hjå Sammen. Vi bad denne gongen om tal på etterspurnad til psykologtenesta frå år 2000 og fram til i dag. Dette for å sjå ei eventuell auke etter 12. mars 2020.

Den 31. januar 2022 fekk vi omsider alle dokumenta vi trengde for å kunne iverksette den store jobben med å finne dei riktige tala vi såg etter. Eg las gjennom alle årsrapportane vi fekk tilsendt på mail. Etterkvart som eg gjekk gjennom år for år, noterte eg ned dei riktige tala i eit Excel-ark. Dette var tidkrevjande arbeid der eg både dobbel- og trippelsjekka i fare for å skrive inn feil tal og dermed få ei uriktig framstilling. Etterkvart som eg hadde lagt inn alle tala for kvart enkelt år og kvar enkelt studentsamskipnad, laga eg eit diagram som viste endringa. Det gjorde det lettare å analysere resultata opp mot kvarandre. Etter å ha lagt inn alle tala hjå alle samskipnadane, såg vi ei auke i etterspurnaden etter psykologtenester etter 12. mars 2020.

Vi hadde det vi trengde av personar, men det er alltid ein viss fare for at nokon vel å trekkje seg undervegs når ein jobbar med personar over såpass lang tid. For å vere på den sikre sida, vurderte vi mogelegheita for å inkludere andre. Vi hadde fleire namn på blokka. To av desse var venninnene Marte og Miriam. Dei hadde laga ein dokumentar frå då dei blei smitta av koronaviruset. Vi prøvde hardt å få tak i denne dokumentaren, men kommunikasjonen var

vanskeleg. Vi merka frå dag ein at Marte var lite interessert i å dele dokumentaren med omverda. Dette fordi ho hadde dårleg erfaring med NRK. Vi ga oss ikkje - og fekk til slutt det vi var ute etter. Den 16. september 2021 fekk vi tilsendt dokumentaren. Etter å ha sett innhaldet, ynskte vi å bruke delar av den i prosjektet vårt. Vi sette opp eit møte for å snakke om eit mogeleg samarbeid. Den 27. september gjennomførte vi eit Zoom-møte med Marte og Kristine Holmelid for å høyre om vi kunne bruke delar av dokumentaren hennar og få eit møte med ho eller venninna i notid til vår eigen dokumentar. Etter litt om og men, takka både Marte og Miriam nei til å bidra. Det var ein trist beskjed å få der og då, men i etterpåklokskapens lys trur eg det var like greitt då prosjektet vårt tar for seg den psykiske delen av pandemien og ikkje den fysiske sida av sjukdommen.

Motstand og spesielle utfordringar: Covid-19

Koronasjukdom kom også i vegen for både meg og fotografen. Den 7. februar i år skulle vi etter planen møte Mona og familien i Kristiansand. Dette blei utsett fordi TV 2-fotografen som skulle reise saman med oss fekk positiv koronatest. Den 21. februar hadde vi på nytt avtalt å møtast. Denne gongen var det min koronatest som blei positiv og vi måtte dermed utsette på ny. Mona og familien var både tolmodige og skjønnsame. Heldigvis er alle gode ting tre. Den 17. mars klarde vi endeleg å komme oss sørover og fekk høyre historia om Marthe. Denne gongen måtte vi reise utan ekstra fotograf frå TV 2. I ettertid burde vi laga eit større poeng ut av dette. Det at både eg og fotografen ikkje kunne reise på grunn av covid-19-sjukdommen, er noko vi burde ha poengtert då dokumentaren tar for seg konsekvensane av dette viruset for vanlege menneske i samfunnet vårt.

Tilsvarsrunden

I oppgåva trengde vi tilsvar frå Universitetet i Bergen, Sørlandet sjukehus og Erna Solberg. Det å få tilsvar frå UiB gjekk fint for seg. Viserektor Oddrun Samdal stilte opp og svarte på dei spørsmåla vi hadde i forbindelse med Jørgen si oppleving som student hjå dei.

For å få tilsvar frå Sørlandet sjukehus, tok vi kontakt med kommunikasjonsdirektør Signy Svendsen. For at sjukehuset skulle kommentere saka, måtte dei få fritak frå teieplikta. Det skjedde ved at Mona og familien signere dette skjemaet for fritak:

 SØRLANDET SYKEHUS	Taushetsplikten - skjema for fritak	Skjema
--	--	---------------

Virksomhetsgrunnlag, ledelse, administrasjon | Ledelse og styring i SSHF | Mediestrategi

Jeg/vi fritar med dette Sørlandet sykehus HF fra taushetsplikten som sykehuset og personalet har om mine/vårt barns helseopplysninger.

Dette innebærer at Sørlandet sykehus kan kommentere min/vår sak overfor følgende:

Redaksjon: _____

Journalist: _____

Dato: _____

Sted: _____

Navn: _____

Signatur: _____


Skal signeres av en av disse:

1. pasienten
2. den/de som har foreldreansvar når barnet er under 16 år
3. pasientens nærmeste pårørende dersom pasienten ikke er i stand til å ta en slik avgjørelse (ikke samtykkekompetent)

Pasientens telefonnummer: _____

Ringt pasient for verifisering av person-ID

Send utfylt skjema til aktuell avdeling, som skal skanne det inn i pasientens journal.



Etter å ha levert skjemaet for fritak, sendte vi disse spørsmåla:

- Foreldrene opplever at det har vært svikt i systemet som skulle behandle deres datter, og er kritiske til den helsehjelpen som pasienten fikk. Statsforvalteren har konkludert med at helsehjelpen som pasienten fikk ikke var forsvarlig. Hvor gikk det galt i Marthe sin sak?
- Foreldrene mener Marthe ble sykere i behandling grunnet manglende aktivitetstilbud og nedbemanning over natten som følge av covid-19. Pasienten skulle følges av et

FACT-team, men grunnet pandemien ble de fysiske tilbudene fra FACT kraftig redusert. Sykehuset vurderer selv i sin årsaksanalyse at dette kan ha bidratt til at hun falt tilbake til gammelt rusmønster og ble mer overlatt til seg selv. Hvordan påvirket pandemien behandlingen Marthe fikk?

- Hva burde blitt gjort annerledes?
- Hvordan har sykehuset fulgt opp denne hendelsen slik at lignende saker ikke inntreffer?
- Hva har dere lært av denne hendelsen?

Deretter fekk vi svar av avdelingssjef Per Egeland ved Sørlandet sjukehus. Heile tilsvaret var fleire sider langt, så vi valde å ta ut det vi meinte var mest relevant.

Det siste vi gjorde var å kontakte Erna Solberg. Dette burde vi ha gjort på eit tidlegare stadium, men tida gjekk rett og slett frå oss. Dette var heilt i sluttfasen av jobbinga og vi burde ha iverksett det mykje tidlegare. Vi håpa på eit møte med Erna Solberg i Bergen. Det kunne ikkje realiserast i det tidsrommet vi hadde til rådighet. Vi måtte gjennomføre møtet før midten av april, då makkeren min skulle reise vekk i slutten av april. Solberg hadde ikkje anledning til å ta turen til Bergen, og vi hadde ikkje tid til å reise til Oslo.

Det var viktig for oss at eg kunne konfrontere Solberg med dei vala ho tok då dei sat i regjering. Ho måtte også kommentere kva ho tenkte om historiene til Mona, Jørgen og Celina. Difor ville vi ikkje sende ein TV 2-kollega frå Oslo for å synce ho opp med våre spørsmål. Vi foreslo heller eit digitalt møte der vi kunne filme heile intervjuet og gjere ei greie ut av det. Dette gjekk heller ikkje. Til slutt måtte vi sende spørsmåla på mail og få eit skriftleg svar tilbake. Vi prøvde hardt å få tak i Solberg på den tida vi hadde til rådighet, men det gjekk ikkje som håpa. Dette var naturlegvis ikkje det vi såg for oss, men det vi klarde å få til på den tida vi hadde disponibel.

Avslutningsvis

Vi håpar at prosjektet blir oppfatta som eit nyttig bidrag for ny kunnskap om korleis folk har blitt ulikt påverka av covid-19-pandemien og dei påfølgjande restriksjonane. I det pandemien går mot slutten vil truleg journalistikken bere preg av eit kritisk blikk retta mot den dåverande regjeringa si pandemihandtering. Forhåpentlegvis kan prosjektet bidra til at fleire ynskjer å forske vidare på konsekvensane og dei psykiske følgjene av nedstenginga.

Programleiarrolla i tv-dokumentaren

På godt og vondt



Universitetet i Bergen

Det samfunnsvitenskaplege fakultet, Institutt for informasjons- og medievitenskap
Senter for undersøkende journalistikk

Masteroppgåve i undersøkende journalistikk

UJO350

Kandidatnr: 105

Vår 2022

Sider: 41

Ord: 18 252

01.06.2022

Samandrag

Tema for oppgåva er programleiarrolla i tv-dokumentaren. Journalistikk er basert på rapportering som samsvarar med røynda (Brurås, 2014, s. 53). Dette kan gjerast på ulike vis. Medan nyheitsjournalisten strevar etter profesjonsidealet om objektivitet, vel dokumentaristen å basere sanninga på ei balansert framstilling av egne og andre sine opplevingar og erfaringar. Denne teoretisk-analytiske oppgåva er forma som ei kvalitativ empirisk intervjuundersøking av følgjande problemstilling: *Korleis by på seg sjølv som programleiar slik at det tilfører historia substans og ikkje villeier sjåaren?* Denne hovudproblemstillinga leier oss til følgjande underproblemstilling: *Korleis by på seg sjølv utan å trække over egne grenser på vegen?* For å svare på dette, har eg intervjuat programleiarane Gerhard Helskog, Janne Amble, Kadafi Zaman, Milda Melland og Leo Ajkic. Dette for å få ei heilskapsforståing av korleis informantane opplever rolla som programleiar på godt og vondt. Hovudfunna viser at det er historia som er stjerna – ikkje journalisten. Programleiararen er ein del av formidlingspakka for å kaste lys på menneske som har noko viktig å fortelje. Dersom det er nødvendig å bruke seg sjølv som bindemiddel og forteljargrep, er det i orden så lenge ein ikkje går i vegen for historia som blir fortalt.

Forord

Eg vil byrje med å rette ei stor takk til informantane Gerhard Helskog, Janne Amble, Kadafi Zaman, Milda Melland og Leo Ajkic for all kunnskap eg fekk ta del i ved å høyre om dykkar erfaringar og opplevingar med programleiarrolla. Tusen takk til mine rettleiarar Per Christian Magnus og Carl Gustav Linden for hjelp og støtte undervegs i arbeidet med oppgåva. Både konstruktive tilbakemeldingar og faglege innspel blei sett stor pris på. Takk til Svanhild Brekke Opheim og Anna Moe Almenningen for gjennomlesing og korrektur. Og sist men ikkje minst vil eg takke Senter for undersøkkande journalistikk for all hjelp tilpassa mitt prosjekt. SUJO gjer det mogeleg å styrke den undersøkkande journalistikken i Norge og sikrar dermed at eg kan studere og undersøkke noko eg brenn for. De bidrog alle til å motivere meg til å lage ei best mogeleg oppgåve.

Innholdsliste

Samandrag og forord.....	20
Del 1: Innleiing.....	22
Når rollene blir bytt om: Mors hemmelegheit.....	22
Tema og problemstilling.....	24
Del 2: Teoretisk bakgrunn.....	25
Å bruke seg sjølv i journalistikken.....	25
Subjektiv, objektiv, nøytral eller balansert?.....	27
Refleksjon i praksis.....	28
Førstepersonforteljing og bruken av «eg».....	29
Nysgjerrigheit og idéutvikling.....	31
Del 3: Data og metode.....	32
Metodisk tilnærming: Kvalitativ metode.....	32
Vitskapsteori.....	33
Undersøkingssopplegg og forskingsdesign.....	33
Intervju som metode.....	34
Intervjuguide.....	35
Analysestrategi: Transkripsjon og koding.....	35
Val og bruk av informantar.....	36
Resterande datainnsamling.....	38
Del 4: Funn og analyse.....	39
Å by på seg sjølv.....	39
Profesjonell? Personleg? Privat?	45
Karakteroppbygging.....	47
Fordommar.....	49
Fallgruver.....	52
Å gå ut av komfortsona.....	54
Baksida av medaljen.....	57
Korleis lukkast som programleiar?	59
Del 5: Oppsummerande diskusjon.....	61
Litteraturliste.....	64

Innleiing

Når rollene blir bytt om: Mors hemmelegheit

Det er ein strålande haustdag på Austlandet laurdag 13. juni 2009. Gerhard Helskog og veslebror Dag Christian er på Ski sjukehus. Mor Dagrun har kreft og ligg for døden. Dei siste dagane har mora vore utrøysteleg. Brørne er vane med hennar opp- og nedturar, men mørket ho bar på hadde alltid vore eit mysterium for dei.

Dagrun hadde eit alkoholproblem, men dei skjønnte aldri heilt kvifor. Seinare den dagen skulle Gerhard avsløre mora sin store hemmelegheit. Først då ho hadde timar igjen å leve, oppdaga han kva ho hadde skjult for familien i alle år.

Etter timar ved sjukesenga og brørne skjønner at det går mot slutten, bestemmer Gerhard seg for å ta turen heim til mora si leilegheit for å leite fram nokre gamle fotoalbum. Tanken var å vise henne alle dei fine tinga dei hadde gjort saman og mimre tilbake til det fine livet ho hadde levd. Han ville vise kor mykje det var å glede seg over og fortelje at dei hadde hatt eit veldig godt liv saman. Gerhard låser seg inn i leilegheita og finn fram til kommoden der familiealbuma vanlegvis ligg. Skuffa er så godt som tom, med unntak av ei plastmappe som inneheld to handskrivne brev og nokre bilete frå ein ukjend herremann. Han les brevet og kan nesten ikkje forstå det han ser. Innhaldet endra Gerhard si oppfatning av mora han trudde han kjende. Brikkene fell på plass. Dei neste timane blei eit kappløp med tida, eller døden om du vil (samtale med Gerhard Helskog 10.03.2022).

Det viste seg at mora skjulte eit barn. Dagrun hadde gått gjennom ein hemmeleg graviditet i 1958 og født Peder, den førstefødte, då ho var 22 år gammal. Ho hadde reist til ei jordmor på ein bondegård på Vestlandet for å føde. Deretter hadde ho adoptert barnet bort. Ho fekk ikkje sjå det, og visste ikkje ein gong om det var gut eller jente. På den tida var det å få barn utanfor ekteskapet skambelagt, så ho sette ein strek over den delen av livet sitt og prøvde å leve vidare. Det klarte ho dårleg og dermed kom alkoholen inn i bildet. Sinne, fortviling og skam hadde stogga Dagrun frå å opne opp i alle år. For kvart år som gjekk utan at ho fortalde noko, blei det antakeleg vanskelegare å halde motet oppe. Sorga ho bar på, mørket og alkoholen var nær ved å øydelegge ho. Mora hadde skuldfølelse for ikkje å ha sagt sanninga, men fann inga veg ut av det. Ho følte seg fanga i dei vala ho tok som ung dame (samtale med Gerhard Helskog 10.03.2022).

Gerhard hastar tilbake til sjukehuset og dreg broren til side. «Vi har ein bror! Skal vi ringje han?» Brørne tviler ikkje eit sekund, og finn raskt ut at det einaste riktige er å få tak i denne broren som dei for få minutt sidan ikkje visste eksisterte. Han måtte også få ta farvel med mor si. Gerhard slår på tråden til denne ukjende Peder. «God dag. Mitt namn er Gerhard Helskog. Eg trur eg er din bror.» Han held fram «Vår mor ligg for døden. Vil du komme?» Få timar seinare går storebror Peder mot dei i den lange sjukehuskorridoren. «Du er klin lik mor!» utbryt Gerhard (samtale med Gerhard Helskog 10.03.2022).

Dagrun aner ingenting om kva som er i ferd med å skjje. Dei tre brørne går inn til mora. Ho har slutta å snakke, men lagar lydar og følgjer dei med blikket. Mora stirrar på dei alle tre. Saman. For første gong. Brørne tar plass rundt sengekanten. «Mor, her er vi. Vi har funne kvarandre. Vi har funne ut av det med kvarandre. Det er ingenting å vere redd for. Ingen er sinte og alt er i orden.» Det var eit heilt spesielt augeblikk. Seinare same kveld sovnar Dagrun stille inn (samtale med Gerhard Helskog 10.03.2022).

Gerhard mista ei mor og fekk ein bror. Gerhard, Dag Christian og Peder starta forbrødringa på dødsleiet. Dei fekk svar på mange av spørsmåla dei hadde bere på i oppveksten om tungsinnet, mørket og grublinga. Det kom ikkje som eit sjokk for Gerhard. Det var avklarande og gjorde at han forstod mor si mykje betre (samtale med Gerhard Helskog 10.03.2022).

Det viser seg at alle har ei historie. Og no var det Gerhard sjølv. Den profilerte journalisten har alltid jakta nyheitsavsløringar. Etter mange år som programleiar i både NRK og TV 2, er han mellom anna kjend for program som *Rikets Tilstand* og *Dokument 2*. Gerhard har i årevis reist i inn- og utland på jakt etter sterke historier og returnert med fantastiske forteljingar om vanlege menneske sitt liv. I dokumentarserien *Vårt lille land* har han fortald sterke historier om menneske i landet vårt. Plutseleg ein dag handla historia om han sjølv. Det viste seg at den største gåta i Gerhard sitt liv, var hans eiga mor (samtale med Gerhard Helskog 10.03.2022).

Gerhard forstod umiddelbart at det var ei heilt fantastisk historie. Han stod midt i ein vill roman. Det heile var heilt usannsynleg. Historia fortente å bli fortald. Journalist Tonje Steinsland spør om ho kan fortelje. Rollene blir bytt om. Gerhard valde å la kollegaen fortelje historia utan å ha medverknad på verken klipp, regi eller tekst. Han gjekk frå å vere

programleiar til å bli intervjuobjekt og hovudperson. Kvifor valde han å gjere det på den måten? Blei det feil for han å fungere som programleiar når saka var såpass personleg? Kunne han i det heile tatt ha fortald historia sjølv som programleiar?

Denne hendinga gjorde at eg blei nysgjerrig på kva rolla som programleiar eigentleg inneber. Korleis var det for Gerhard å skulle leggje vekk programleiarrolla i seg og innta rolla som intervjuobjekt og hovudperson som deler si eiga personlege historie? Kva skil eigentleg programleiarrolla og intervjuobjektet?

Tema og problemstilling

Tema for denne oppgåva er rolla som programleiar i TV-dokumentaren. Dette fordi eg sjølv lagar ein undersøkjande dokumentar i den praktiske delen av masteroppgåva. I det journalistiske produktet skal eg fungere som programleiar som ved hjelp av nysgjerrig undring og fleire møte med ulike menneske skal leie historia vidare. Målet med oppgåva er å forstå korleis eg kan bruke meg sjølv på best mogeleg måte utan å komme i vegen for historia eg vil fortelje. Med Gerhard Helsing si historie som utgangspunkt, og det faktum at eg ynskjer å prestere bra på den praktiske delen, vil eg utforske programleiarrolla i TV-dokumentaren nærmare. Korleis er det å skulle by på seg sjølv på den måten og kva skal til for å meistre kunsten? Når eg nyttar omgrepet *å by på seg sjølv*, meiner eg i denne oppgåva at programleiarrolla deler meiningar, kjensler eller opplevingar frå eige liv i journalistikken han lagar. Eg ynskjer å lære meir om programleiarrolla og kva ho inneber i praksis for å finne ut korleis eg kan bruke meg sjølv på ein måte som styrker journalistikken eg lagar.

Oppgåva si overordna problemstilling er: *Korleis by på seg sjølv som programleiar slik at det tilfører historia substans og ikkje villeier sjåaren?* Denne hovudproblemstillinga leier oss til følgjande underproblemstilling: *Korleis by på seg sjølv utan å tråkke over eigne grenser på vegen?*

Mi oppfatning før arbeidet med prosjektet er at ein mangel på eksisterande forskning på feltet ryddar veg for eige bidrag. Dette gjer på den eine sida at det kan bli vanskeleg å finne relevant teori rundt tematikken, men på den andre sida at det er behov for meir forskning på feltet – noko eg håpar å kunne bidra med.

Denne oppgåva er delt inn i fem delar. I innleiinga presenterer eg tema, bakgrunn og problemstilling. I del to kjem eg innom relevant teori. I den tredje delen gjer eg ei oversikt over korleis oppgåva er metodisk gjennomført ved hjelp av data og metode. I del fire presenterer og analyserer eg funna frå den empiriske undersøkinga. Avslutningsvis kjem ei oppsummerande drøfting der eg svarer på problemstillinga og kjem med perspektivering i form av forslag til løysingar og vegen vidare.

Teoretisk bakgrunn

I denne delen presenterer eg relevant teori. Først skal eg sjå på debatten kring det å bruke seg sjølv i journalistikken. Deretter kjem eg innom objektivitetsidealet i eit historisk perspektiv. Vidare skriv eg om refleksjon i praksis. Til sist tar eg opp førstepersonforteljing og bruken av «eg».

Å bruke seg sjølv i journalistikken

Er journalisten ein nøytral og uhilda referent som objektivt refererer det som skjer? Eller er han ein aktiv og engasjert formidlar av saker som han sjølv meiner er viktige? Skal journalisten nøye seg med å registrere hendingar, fråsegn og utviklingstrekk i samfunnet rundt seg, eller skal han også analysere, tolke og kommentere hendingane? Kan journalisten sjølv delta i dei sakene som han rapporterer om, og fortelje om eigne personlege opplevingar? Skal journalisten vere upartisk, eller skal han ta stilling og tale svake grupper si sak? Dette er nokre av dei journalistiske dilemmaa Svein Brurås tar for seg i boka *Etikk for journalister*.

Det er delte meiningar kring det å dra seg sjølv inn i journalistikken ein lagar, anten det er i form av refleksjon eller bruken av «eg». Ideelt sett skal journalisten vere objektiv og nøytral. Journalisten sine eigne meiningar og haldningar skal ikkje påverke måten saka blir lagt fram på (Kjendsli 2012, s. 35). Ulike sjangrar i journalistikken opnar likevel for ulik grad av subjektivitet. I nyheitsjournalistikken og nyheitsspråket vil det vere eit normbrot om journalisten sine eigne refleksjonar kjem direkte til uttrykk. Nyheitsreportasjen skal vere dominert av fakta og kjeldene sine meiningar. Featurestoffet derimot, er meir prega av journalisten sin penn og gjev større spelerom med omsyn til subjektivitet (Steensen i Brurås 2014, s. 53). Så kva kan ein bruke refleksjon til og er det eigentleg plass til journalisten sine eigne refleksjonar i journalistikken? Somme journalistar meiner at det ikkje er journalisten sin jobb å reflektere, men at ytre handlingar og intervjuobjekt skal dominere historia. Andre

meiner at subjektive refleksjonar kan styrke historia, og at det somme gonger er riktig å ta med lesaren inn i kva slags tankar, kjensler og refleksjonar journalisten kjenner på i ein gitt situasjon. Skal journalisten gå for ei scenisk framstilling og sakleg informasjon, eller reflektere og bruke seg sjølv? Det står mellom ytre handling og indre refleksjon (Steensen 2016).

«Journalistikk er basert på at det finnes en virkelighet der ute, og at vi rapporterer i samsvar med denne virkeligheten» (Brurås 2014, s. 53). Somme gonger er deltaking og innleving riktig. «Journalistene som skildret Berlinmurens fall høsten 1989, følte nok meget sterkt at de måtte ta del i folkemendgens glede og jubel for å kunne levere en engasjerende reportasje. Det ville ikke være nok med kjølig observasjon på betryggende avstand» (Brurås 2014, s. 52). I dette tilfelle må journalisten sjølv fortelje korleis han opplever å vere der. Det same gjaldt for reporterane som dekkja jordskjelvet i Haiti i 2010 då rundt 200 000 menneske omkom. «De kunne ikke være uberørt av sjokket og sorgen og fortvilelsen rundt seg» (Brurås 2014, s. 52). I nyare tid gjeld dette også for krigen i Ukraina. Journalistane tar eit klart standpunkt for Ukraina og mot Putin. Dei kjem med kjensleladde utgreiingar om korleis det er å vere til stades i eit krigsherja land. Når ein blir vitne til alt det vonde, gjer det inntrykk som reporterane legg ut om gjennom TV-skjermen. Dei går inn i journalistrolla der dei beskyttar enkeltmenneske og grupper mot overgrep. Vi kan kalle det ein slags moralsk indignasjon når svake grupper lir urett. For å gjere dette, må ein som journalist velje side (Brurås, 2014, s. 52+53).

Dersom vi skal trekkje det nærare min gitte tematikk kring den undersøkende TV-dokumentaren, ynskjer programleiaren å skildre bestemte miljø frå innsida. I slike tilfelle må journalisten ha evne til innleving og formidling av hans personlege oppfatning av miljøet. Dermed vel programleiaren ofte å fortelje si historie i «eg»-form. «Følelser og opplevelser er *subjektive*, men like fullt viktige erkjennelsesformer som det selvsagt må være rom for i journalistikken» (Brurås 2014, s. 53). Ikkje all sanning lar seg dokumentere og etterprøve i vitskapleg forstand. Om journalisten unngår å la seg styre at forutinntatte haldningar og personlege fordommar, kan undersøkingane ha gjort han i stand til å skilje kva som er sant og usant, rett og gale i saka (Brurås 2014, s. 53). Brurås summerer det godt;

Journalister dekker av og til dramatiske og fryktelige hendelser. Du har faktisk lov til å bli opprørt, sint eller trist når du møter slike henselser, selv om du er nyhetsjournalist.

Vi behøver ikke late som om dette ikke berører oss, for det gjør det jo. Like fullt er det

først og fremst *fakta* som skal formidles, ikke journalistens følelser, empatier eller karakteristikk (Brurås 2014, s. 53).

Subjektiv, objektiv, nøytral eller balansert?

Journalisten skal vere objektiv og journalistikken skal vere sanninga fullt og heilt. Slik var oppfatninga lenge. Objektivitetsnorma blei introdusert i amerikansk journalistikk av Walter Lippmann i 1920-åra. Målet var å gjere journalistikken «mindre subjektiv, kildestyrt og påvirkbar for PR og propagandaframstøt» (Schudson 1978 i Allern 2018).

«Objektivitetsidealet bygger på prinsippet om uavhengig formidling, og det søker sannhet, full opplysning eller fakta om forhold og hendelser» (Njaastad 2012, s. 91). Objektivitet blei sett på som journalistikken sin hovudverdi og var eit viktig ideal for pressa, spesielt i etterkrigstida. Omgrepet blei knytt til normkrav som *uavhengigheit, saklegheit, sanning, balanse og nøytralitet* (Brurås 2014, s. 49). Brurås (2014, s. 47) skriv at «i perioder har idealet om objektivitet blitt hyllet av journalistene selv. I andre perioder har det blitt sett på med skepsis og ansett som en illusjon vi bør kvitte oss med».

Objektivitetsdebatten blei utløyst i USA tidleg 1950-åra då amerikanske medium rapporterte ukritisk om senator Joseph McCarthy. Den refererande praksisen hadde ikkje vore i stand til å motstå manipulasjon frå mektige kjelder. Det media hadde framstilt som *objektiv* journalistikk viste seg å ikkje nødvendigvis vere *sann* journalistikk. Pressa var blitt fange for styremaktene – ein journalist i tvangstrøye. Etter dei såkalla McCarthy-prosessane, byrja pressa å eksperimentere med andre former for journalistikk (Brurås 2014, s. 49+ Allern 2018, s. 85).

Njaastad (2012, s. 91) slår fast at «det finnes ikke noe slikt som objektiv journalistikk. All journalistikk er preget av den som skriver, og i hvilken kontekst en sak er blitt til». Bruken av objektivitetsomgrepet i dagens journalistikk har nærast forsvunne i erkjenninga av at objektivitet ikkje er oppnåeleg og sanninga alltid har fleire sider. Det er alltid knytt subjektive faktorar til enkeltindivid si skildring av røynda. Desse subjektive faktorane som til dømes bakgrunn og erfaringar, vil påverke korleis vi vurderer verda rundt oss (Njaastad 2012, s. 94). «Journalisten vil alltid ha med seg en ballast av personlige oppfatninger og holdninger, han vil alltid være preget av sine røtter og verdier, sin kulturelle og sosiale bakgrunn, sin tilhørighet og identitet» (Brurås 2014, s. 50). Allern (2018, s. 89) skriv at «nyheter må først og fremst vurderes som subjektive fortellinger og fortolkninger».

Dagens journalistikk er framleis prega av objektivitetsidealet, noko som har sin nytteverdi. Det sikrar ein viss kvalitet i nyheitsjournalistikken, og det hindrar manipulasjon (Brurås 2014, s. 54). Objektivitet handlar om å komme nærast mogeleg sanninga, og å gje eit mest mogeleg realistisk bilete av røynda. Brurås (2014, s. 51) skriv at målet må vere å undersøkje kva som er korrekt, kva som er rimeleg og faktabasert forståing av saka. Njaastad (2012, s. 95-96) meiner journalistikken heller bør streve etter å vere etterretteleg, nøyaktig, balansert, heilskapleg, relevant og vesentleg. Dette er punkt vi finn igjen i Ver Varsam-plakaten. Desse etiske normene for pressa nemner ikkje omgrepet «sanning». Plakaten stiller heller ingen krav om at journalisten skal vere «objektiv» eller «nøytral». I staden er ambisjonen at redaksjonane skal kontrollere at opplysningane som presenterast er «korrekte» (Allern 2018, s. 98). I tillegg skal pressa «beskytte enkeltmenneske og grupper mot overgrep», noko som ikkje alltid kan kombinerast med ei nøytral rolle (Brurås, 2014, s. 47).

Når det kjem til objektivitet i journalistikken, skil Svein Brurås mellom *utøvar* og *metode* på følgjande måte;

Journalisten *som person* kan aldri vere objektiv, hun har aldri vært det og vil aldri bli det, og det er en illusjon å tro noe annet. Derimot – og nettopp derfor! – har journalistikken utviklet *metoder* for å rapportere sant og objektivt. Disse metodene er viktige å holde fast ved (Brurås, 2014, s. 48).

Journalistisk objektivitet forstått som eit metodisk ideal i jakta på sanninga er viktig å bevare. Vi må altså knytte objektiviteten til metoden journalisten bruker for å finne ut av ei sak, ikkje som ein personleg eigenskap ved journalisten. Reporteren bruker metodar som gjer det mogeleg å rapportere så sant som mogeleg uavhengig av ideologisk ståstad, bakgrunn og forhandskunnskap (Brurås, 2014, s. 51). Desse metodane kan til dømes vere ei undersøkjande tilnærming, kjeldekritikk, konsentrasjon om fakta, saklegheit, vesentlegheit, nøyaktigheit, relevante og kompetente kjelder og ingen eigne kommentarar eller meiningar (Brurås 2014, s. 51).

Refleksjon i praksis

Refleksjon er ein grunnleggjande journalistisk praksis. I boka *Stedets sjanger* kjem Steen Steensen innom bruken av refleksjon i journalistikken. Boka tar i hovudsak for seg moderne reportasjejournalistikk, men kjem samtidig med gode refleksjonar kring det å bruke seg sjølv i

journalistikken, noko eg kan vidareføre til mi oppgåve og den undersøkende dokumentarsjangeren. La oss ta reportasjesjangeren som døme. Steensen (2016, s. 158) skriv

Å bruke refleksjon i en reportasje betyr ikke at journalister skal komme med lange utredninger om egne følelser og tanker. Det kan for eksempel bety at en spontan reaksjon kommer til syne, en spørrende holdning, en antagelse om en forbindelse, eller et spørsmål som journalisten lar henge i lufta.

Det er ikkje nødvendigvis egosentrisk av journalisten å dele eigne refleksjonar. Kva slags tankar oppstår? Kva føler han på? Kva slags refleksjonar gjer han seg? Alt dette er legitimt å svare på så lenge det tilfører historia verdi. «Refleksjon i teksten eller som blokker på radio og TV gir mening og dybde til noe som utspiller seg foran journalistens øyne, og som kanskje er vanskelig å gripe» (Steensen 2016, s. 158).

I boka *Historiefortelling på digitale plattformer* skriv Brynjulf Handgaard at den gode enkeltokumentaren treng ein «programleiarar som tørr å by på seg sjølv og som vil noko» (Handgaard 2020, s. 283). Trude Lorentzen meiner at for å bli ein god journalist, må ein tørre å skilje seg ut og vise seg fram i reportasjane ein lagar. Ein må våge å stille spørsmål og trekkje slutningar (Steensen, 2016, s. 160). Den indre refleksjonen skil seg frå mengda ved å fargelegge det journalistiske produktet med ei personleg stemme. «De beste reportasjejournalistene er best ofte nettopp fordi de tørr å reflektere. De greier å kombinere observasjon med refleksjon og informasjon» (Steensen 2016, s. 160). Steen Steensen, Kjetil S. Østlie og Trude Lorentzen er døme på norske journalistar som er dyktige på å nytte refleksjon i tekstane sine. Det å reflektere krev sjølvtilitt. Ein må som journalist stole på at det ein vel å dele, er relevant for publikum og dermed tilfører eit djupare lag til historia. Ein må klare å kombinere det subjektive med det sannferdige. Gode refleksjonar er ofte basert på erfaring og kunnskap. Ein journalist som har brukt mykje tid på staden, observert nok og gjort mykje research, vil naturlegvis kunne danne seg betre refleksjonar enn ein med mindre kunnskap på feltet (Steensen, 2016, s. 158).

Førstepersonforteljing og bruken av «eg»

Det er viktig å merkje seg at refleksjon ikkje nødvendigvis er synonymt med førstepersonsforteljing. Det er mange døme på bruk av refleksjon der journalisten ikkje trer fram i teksten med eit eksplisitt «eg». Så når bør dette «eg»-et brukast? Skuggar det saka og blir egosentrisk? Journalistar er ofte delt i synet på bruk av førstepersonsforteljing. På den

eine sida kan bruken vere med på å styrke produktet, men på den andre sida kan det bidra til å trekkje merksemda vekk frå det historia faktisk handlar om. Steen Steensen (2016, s. 164) tar til orde for å sjå på førstepersonsforteljing som ei positiv utfordring. Det som av nokon blir sett på som eit tilnærma tabu, kan ein betrakte som ei mogelegheit. Steensen meiner «eg»-et kan gje autensitet. Han skriv at

Jeg mener førstepersonsfortelling kan bidra til å gjøre en reportasje mer ærlig og dermed troverdig idet den synliggjør journalistens ståsted, perspektiv og subjektive fortolkning av det observerte på en direkte måte. Jo dypere involvert journalisten er i stedet hun rapporterer fra, jo viktigere er det med en slik synlig subjektivitet (Steensen, 2016, s. 164).

Det journalistiske «eg»-et er mest vanleg i skriftleg journalistikk. Journalisten si stemme kan også komme til syne i TV og video ved å snakke direkte til sjåarane gjennom skjermen. Michael Moore, Louis Theroux og Stacey Dooley er døme på journalistar som bruker seg sjølv hyppig og kjem med subjektive refleksjonar i journalistikken dei lagar. Det same gjeld for nyheitsjournalistane Richard Quest og Rachel Maddow. Bruken kan vere vanskeleg å handtere. For å unngå at «eg»-et skuggar for andre sentrale aspekt i historia, må ein vege bruken nøye. Her gjeld det same som med refleksjon; bruken må tilføre historia verdi. Om ikkje er det bortkasta. Det er like galt å bruke «eg» der det ikkje tilfører noko, som å unngå å bruke det der det ville ha vore riktig. Dersom journalisten aktivt tar del i situasjonen som utspelar seg, vil det vere galt å utelate seg sjølv frå historia (Steensen 2016, s. 165). Er ein sjølv aktør i historia, bør ein nytte seg av førstepersonforteljing.

Somme gonger kan det vere vanskeleg å vite om ein er aktør eller ikkje. Eit døme på dette er Åsne Seierstad sitt mykje omdiskuterte verk *Bokhandlaren i Kabul*. Seierstad reiste til Afghanistan som krigskorrespondent for skandinavisk presse. Våren 2002 flytta ho inn hjå ein afghansk storfamilie i Kabul og fortalde historia om eit land i ruinar. Seierstad gjennomførte nære portrett av familiemedlemmane og fekk innsikt i tema som giftemål, undertrykking, maktmisbruk, lovbrøt og straff (Seierstad, 2003). Boka har fått krass kritikk grunna mangelen på Seierstad si eiga stemme. Ho valde å fjerne sitt forteljande subjekt frå teksten. Dette førte til at fleire kritiserte boka for å mangle truverd som journalistikk. Forteljinga om bokhandlaren i Kabul og familien hans inneheld fiksjonselement og somme meinte til og med at boka bevega seg mot skjønnlitteratursjangeren. Den svenske forfattaren Jan Guillou omtalte boka som ein roman fordi premissane var altfor uklare (Steensen 2016, s. 166). Det kunne

virke som om Seierstad ikkje hadde vore til stades i Kabul i det heile tatt, noko som ikkje stemde. Ho var til stades og påverka hendinga si gong, men valde likevel å eliminere sitt eige nærvær. Den omtalte bokhandlaren saksøkte henne og forlaget for Oslo tingrett. Seierstad og Cappelen Damm tapte og måtte betale 125 000 kroner kvar i oppreisning til bokhandlaren si kone for krenking av privatlivets fred. Dommen blei anka til Borgarting lagmannsrett der Seierstad og forlaget blei frikjende. Saka blei anka til Høgsterett som ga forfattaren og forlaget medhald (Oslo Tingrett, 2010).

Dette syner kor viktig det er å tydeleggjere premissa i journalistikken. Publikum må kunne forstå journalisten si rolle og journalisten sitt nærvær. Det er stor forskjell på om journalisten sjølv har vore til stades og opplevd det han skriv om, eller om han har rekonstruert hendinga på bakgrunn av samtalar med kjelder. Dersom ein vel å bruke «eg»-et må ein også vere bevisst på gjennomføringa og finne den rette balansen. Vel ein å bruke førstepersonforteljing, bør «eg»-et introduserast tidleg og vere til stades gjennom heile historia. Med ein open forteljar er subjektiviteten synleg og det er lett å skjønne kven som snakkar (Steensen, 2016, s. 167).

Steensen (2016, s. 167) meiner ein bør stille seg følgjande spørsmål før ein tar «eg»-et i bruk; Kva slags funksjon fyller det? Er det nødvendig? Kva skjer om eg fjernar dei stadene førstepersonforteljinga førekjem? Dersom ingenting av verdi blir vekke om ein fjernar «eg»-et, bør ein sannsynlegvis gjere nettopp det. Dette for ikkje å trekkje merksemd bort frå det historia faktisk handlar om eller gjere historia unødig lang (Steensen 2016, s. 167).

Nysgjerrigheit og idéutvikling

«Gode journalistar har følehorn og antenner som eit følsamt insekt» (Handgaard mfl. 2013, s. 69). Den viktigaste kjelda til nye idear er rett og slett deg sjølv. Det å bruke seg sjølv i det journalistiske arbeidet handlar ofte om å suge til seg bitar av informasjon som ein gjerne ikkje har bruk for der og då, men som er nyttig i det store biletet og dermed kjem godt med i det vidare arbeidet. Det å stille spørsmål og vere nysgjerrig, fører ofte til at ny og brukbar informasjon dukkar opp. Plutseleg har du ei god historie. «Kom deg ut! Se og lytt, lukt og smak, hold øyne og ører åpne. Verden der ute er din viktigste idékilde» (Handgaard mfl. 2013, s. 69). Gode programleiarar sett seg godt inn i tematikken dei arbeider med og kjem seg ut i felten. Dei oppsøker folk som høyrer til i dei særskilte miljøa, og dei observerer både frå fjern og nær.

«Detaljane, sansen for det små i det store og det forunderlige i det hverdagslige, spiller en viktig rolle i nyhets- og idéarbeidet» (Handgaard mfl. 2013, s. 70). Tidlegare journalist i NRK Brennpunkt, Synnøve Bakke, er rutinert på det å nytte egne opplevingar og eigen nysgjerrigheit i søken på nye idear. Hausten 2017 blei ho merksam på nokre bilar i nabolaget hennar i Bergen. Dei var fylt til randen med gammal elektronikk. Bilane stod parkert ei stund før dei blei avskilta og plutselig forsvann. Så kom det nye bilar og det same mønsteret gjentok seg. Ho idémyldra saman med journalist Kjersti Knudssøn og fotograf Anette Berentsen. Nysgjerrigheita var vekka og dei byrja å studere fenomenet. Damene sat igjen med mange spørsmål som til slutt enda opp som dokumentaren *Søppelsmuglerne* (Knudssøn mfl., 2019). «Parkerte bilar fylles med elektronikk. Så forsvinner de. *Brennpunkt* avdekker en skjult millionindustri med store miljøkonsekvenser» (NRK TV, 2019b). Her ser vi eit klart døme på at journalistikk er nysgjerrigheit satt i system. Dette er eit av mange døme der Brennpunkt-kollegaene i Bergen har starta med nysgjerrig undring og enda opp med ein undersøkjande TV-dokumentar. Fleire av prosjekta har resultert i gjeve prisar og utmerkingar.

Data og metode

I denne delen gjer eg greie for korleis eg har gått fram med oppgåva, steg for steg. Eg fortel kva slags metodiske tilnærmingar eg har brukt i datainnsamlinga og kvifor. I tillegg kjem eg innom val av intervju som metode, vitskapsteori, bruken av informantar, analysestrategi, undersøkjingsopplegg og forskingsdesign.

Metodisk tilnærming: Kvalitativ metode

Omgrepet *metode* kjem frå det greske ordet *methodos*, som betyr å følgje ein bestemt veg mot eit mål (Rachlew mfl., 2020, s. 103). Vegen til dette målet går gjennom å samle informasjon i form av data. Næss og Pettersen (2017, s. 15) skriv at «vitskap er nysgjerrigheit satt i system og metode er eit samleomgrep for kunnskapane som gjer at systemet fungerer». Vi kan i praksis samanlikne metode med ei verktøykasse som inneheld ein systematisk framgangsmåte. For å velje metode og undersøkjingsopplegg for oppgåva, returnerte eg til problemstillinga, som er utforma som utgangspunkt for ei kvalitativ studie. Dette fordi eg er på jakt etter noko som vil vere vanskeleg å få tak i ved hjelp av eit standardisert spørjeskjema (Grenness, 2020 s. 46). Det kvalitative forskingsintervjuet er ein metode som gjer det mogeleg å forstå eit bestemt tema slik den vi intervjuar, opplever det (Næss og Pettersen

2017, s. 86). Eg valde eit opplegg der eg gjennomførte kvalitative intervju med informantar. Når eg nyttar omgrepet *informant*, signaliserer det at eg ynskjer å bli informert av den eg samtalar med (Næss og Pettersen, 2017, s. 76). «Intervju gjev eit særleg godt grunnlag for å få innsikt i personar sine erfaringar, tankar og kjensler» (Thagaard, 2018, s. 89 i Rachlew mfl., 2020, s. 25). Ved å nytte denne metodiske tilnærminga med små utval av kjelder i form av informantar, ynskte eg å tileigne meg kunnskapen eg trengde for å kunne svare på problemstillinga. Fordelen med denne metodetypen er at det er mogeleg å få fordjupande svar på kvifor noko skjer, ved at forskaren forsøkjer å forstå korleis folk opplever ein situasjon, og korleis dei handlar deretter (Næss og Pettersen 2017, s. 16).

Vitskapsteori

Kva er egentleg kunnskap og korleis kan vi tileigne oss det? For å gje ei vitskapsfilosofisk grunngeving for dette, vil eg vise til ontologi og epistemologi som handlar om kva kunnskap er og korleis vi kan få del i kunnskapen. «Dersom eit tre langt inne i skogen dett ned, men ingen kan høyre det – lagar det då lyd?» (Grenness, 2020, s. 46). Her skil vi mellom positivistisk og fenomenologisk vitskapssyn. Positivistane meiner lyd er ein fysisk, målbar størrelse som vil vere der uansett, medan fenomenologane meiner det ikkje er lyd dersom den ikkje blir fanga opp (Grenness, 2020, s. 46). På same måte kan vi overføre denne kunnskapen til mi oppgåve. Sidan eg ynskte innsikt i korleis programleiarane tenkjer, vidareførast det til fenomenologien som er forankra i humanvitskapen der dei vil sjå og forstå heile mennesket. Dei går i djupna for å komme nærare og fokusere på det særigne. Fenomenologi som vitskapsgrein skildrar fenomena utan å forklare dei. Eg ville *forstå*, ikkje *forklare*. Problemstillinga treng ikkje ei *forklaring*, men ei djupare *forståing*. Betre innsikt i og forståing for korleis dei ulike informantane opplever programleiarrolla, bidrar til å finne svar (Grenness, 2020, s. 21).

Undersøkjingsopplegg og forskingsdesign

Å gjennomføre ei empirisk undersøking blir somme gongar samanlikna med å «vandre nedover ein veg der du stadig kjem til nye vegkryss der du må velje kvar du skal vidare» (Grenness, 2020, s. 31). Det å forske gjer altså at ein står overfor ei rekkje strategiske vegval, mellom anna det å velje undersøkjingsopplegg. Eit kvalitativt og ustrukturert design der eg prøvde å løyse problemstillinga og få innsikt og forståing, var den rette vegen å gå for denne oppgåva. Eg nytta Grenness (2020, s. 34-35) sitt forskingsdesign for å planleggje sjølve gjennomføringa;

- KVEN treng eg å hente informasjonen frå?
- KORLEIS skal eg samle inn informasjonen?
- KOR MANGE treng eg å hente informasjonen frå?
- KVA SLAGS EIGENSKAPAR ved dei eg vel å undersøke, vil vere sentrale for kva eg ynskjer å undersøke?

Informasjonen blei henta frå eit utval av informantar gjennom personlege intervju med små vurderingsval som ikkje har målbare eigenskapar, men som er valde på grunn av egne erfaringar og opplevingar. Alder, kjønn og åtferd er her ikkje like relevant. Likevel har eg representert begge kjønn og nytt informantar frå ulike mediebedrifter for å ha breidde i utvalet. Eg gjennomførte dei fleste intervjuar ansikt til ansikt, sjølv om det ikkje alltid var like lett grunna lange avstandar og ein global pandemi. Fordelen med å møtast fysisk er at ein blir vitne til stemmeleie, mimikk og kroppsspråk. Vår fysiske framtoning kan påverke korleis det vi seier, blir oppfatta (Rachlew mfl., 2020, s. 86). Når vi kommuniserer, gjer vi det ikkje berre verbalt, men og gjennom gestar, pause, sjenanse eller tystnad (Næss og Pettersen, 2017, s. 77). Ulempa med å møtast fysisk er at mange av informantane var langt unna, så dette blei både kostbart og tidkrevjande.

Intervju som metode

Omgrepet *intervju* kjem frå det engelske ordet *interview*; «å få eit innblikk i andre menneske sin forståingsmåte ved å snakke med dei» (Næss og Pettersen, 2017, s. 77). Samtalen har eksistert som metode heilt sidan Sokrates, Platon og Aristoteles tok opp filosofiske spørsmål i det gamle Hellas. Likevel blei ikkje det kvalitative forskingsintervjuet etablert som ein anerkjend og mykje brukt metodikk for innhenting av informasjon før etter andre verdskrig. I dag er forskingsintervjuet sett på som ein viktig og fullverdig måte å innhente informasjon på (Næss og Pettersen, 2017, s. 77). «A qualitative interview is like a conversation with a purpose» (Berg i Grenness, 2020, s. 46). Kvalitative metodar rettar seg mot å forstå eit fenomen gjennom tolking og refleksjon av ulike typar data (Næss og Pettersen 2017, s. 16). Den kvalitative dataanalysen tar sikte på å undersøke programleiarar i TV-dokumentaren som har erfaring med det å by på seg sjølv framfor kamera. Denne empiriske metoden vil gje ei djupare forståing av korleis informantane opplever programleiarrolla og kva det krev av ein person - på godt og vondt.

Intervjuguide

Eg gjennomførte fem kvalitative intervju ved hjelp av eit semi-strukturert intervju skjema. Intervjuguiden blei nytta som ein slags hugselapp for å sikre dei viktige spørsmåla, samtidig som eg prøvde å leggje til rette for ein naturleg samtale med improvisasjon undervegs (Næss og Pettersen, 2017, s. 81). Dette sikra samanlikningsgrunnlaget og individuelle spørsmål til kvar enkelt. Intervjumetoden som blei nytta er fleksibel med mogelegheit for oppfølgingsspørsmål og innspel. At metoden er fleksibel, ligg i erkjenninga av at ingen intervju er like. Nokre er omfattande og krev meir førebuing. Andre krev mindre (Rachlew mfl., 2020, s. 105). Felles for dei alle var at eg byrja med å spørje om bakgrunn, deretter gjekk eg over til generelle spørsmål kring programleiarrolla, så tok eg opp dei meir personlege spørsmåla og til slutt runda eg av med å spørje om det var noko dei ynskte å føye til.

Den kanadiske journalisten og intervju-nestoren John Sawatsky seier at gode spørsmål er som reine vindauge – du legg ikkje merke til dei. Sikta blir dårlegare dess fleire ledande spørsmål, lange spørsmål, påstandsspørsmål, utsegn og hypotesar som stillast (Rachlew mfl., 2020, s. 207). Eg prøvde å halde eit reint vindauge ved å stille nøytrale og opne spørsmål. I tillegg lytta eg aktivt og hadde augekontakt. Undervegs i datainnsamlinga nytta eg tilbakemeldingane frå informantane til å forbetre intervju.

Analysestrategi: Transkripsjon og koding

Sjølv om kvalitativ analyse ikkje styrast av eit sett med fastlagte reglar, har oppgåva ein klar analysestrategi. Alle intervju blei tatt opp ved hjelp av taleopptak på mobiltelefon og deretter transkribert i si heilheit slik at meiningsinnhaldet blei gjentatt korrekt. Dette klargjer intervjumaterialet for analyse der eg tolkar teksten. Det å setja om frå munnleg til skriftleg form er ikkje alltid like lett. Oppgåva tar for seg ei konsentrert gjentakingsform der essensen i det informantane uttrykte blir gjentatt. Dette fordi argumenta er det sentrale i undersøkinga, medan måten dei blir uttrykte på har mindre å seie. I tillegg høyrde eg gjennom lydopptaka fleire gonger i håp om å oppdage nye aspekt ved intervju og dermed praktisere *kunsten å høyre data*. Under transkriberinga blei ei innhaldskondensering gjennomført ved å markere viktige utspel for å gjere det lettare i gjennomgangen av materialet. Dei viktige tekstutsnitt blei koda, løfta ut og gjentatt i stikkordform. I tillegg blei ord, setningar og avsnitt markert med **feit tekst**. Dette gjorde det lettare å sjå mønster og samanhengar på tvers av ulike informantar (Næss og Pettersen, 2017, s. 85). Ved hjelp av dei beskrivande kodane

gjennomførte eg ei analytisk koding som gjorde det lettare å heve abstraksjonsnivået. Kodane blei så brukt som kategoriar og deltema i analysedelen for å setje informantane opp mot kvarandre (Grenness, 2020, s. 68).

Val og bruk av informantar

Eg har intervjuja journalist og programleiar Kadafi Zaman i TV 2, journalist, programleiar, regissør og produsent Milda Melland i NRK, journalist, programleiar, regissør og produsent Janne Amble i TV 2, programleiar Leo Ajkic i NRK og journalist og programleiar Gerhard Helskog i TV 2. Dei har alle lang fartstid i mediebransjen og er valde på grunnlag av deira opplevingar og erfaringar med programleiarrolla. Informantane fekk ein mail med førehandsinformasjon slik at dei fekk innsikt i kva prosjektet i hovudsak handla om og kva eg skulle bruke opplysningane til, men ikkje så detaljert at dei kunne førebu seg på kva dei skulle svare (Grenness, 2002, s. 49). Eg hadde også ein avtale med ein programleiar som har kjent på dei negative sidene ved programleiarrolla og konsekvensane av det å by på seg sjølv framfor kamera. Eg lova personen anonymitet, men informanten valde å trekkje seg før intervjuet fann stad. Dette kan ha hatt innverknad på oppgåva i negativ forstand ved at eg kan ha gått glipp av verdifulle erfaringar om dei negative sidene ved programleiarrolla. Eg kontakta også Helene Sandvig, Ronny Brede Aase, Line Elvsåshagen og Vilde Bratland Erikstad utan hell. Eg nytta fleire informantar frå TV 2, det same mediehuset som eg sjølv jobbar for. Dette ser eg på som uproblematisk fordi eg verken hadde kjennskap til eller jobbar med dei i kvardagen, då eg er stasjonert i Bergen og dei i Oslo. I tillegg har Noregs største kommersielle TV-kanal mange gode programleiarar som bør ta del i denne oppgåva for å dele sin kunnskap og erfaring. Eg meiner dei valde informantane er dei som best kan bidra til å svare på problemstillinga.

Følgjande fem intervju blei gjennomførte:

- Kadafi Zaman, fødd 1973. Journalist og programleiar. Utdanna journalist ved journalistutdanninga i Stavanger. Jobba to år i Stavanger Aftenblad med lokaljournalistikk og tre år i VG med kriminaljournalistikk. Har sidan år 2006 levert løpande nyheiter, innanriks og utanriks, til alle plattformar for TV 2. Laga dokumentaren *Norge til salgs* i 2015 og lagar no dokumentarserien *Norge bak fasaden*. Vann Gullruten for beste programleiar 2021. Intervjuet blei gjennomført i Oslo den 17.12.2021 og varte i 54 minutt.

- Milda Melland, fødd 1985. Journalist, programleiar, regissør og produsent. Utdanna journalist frå Høgskulen i Oslo (no OsloMet). Har jobba med nyheiter, kultur og underhaldning for VG og TVNorge. Jobba som regissør og produsent for nasjonale og internasjonale produksjonar som mellom anna *Paradise Hotel*, *The Voice*, *Big Brother* og *71 grader nord*. Jobba som regissør og produsent for ITV Studios og laga dokumentarar for Discovery Channel og National Geographics. Var programleiar i *Insider FEM*. Har jobba som skrivande journalist, TV-reporter, programleiar, produsent, regissør, vaktshjef og casting. Jobbar no i NRK for Brennpunkt. Intervjuet blei gjennomført i Oslo den 18.01.2022 og varte i 1 time og 36 minutt.
- Janne Amble, fødd 1982. Journalist, programleiar, regissør og produsent. Bachelor i kriminologi. Gjekk regilinja på Høgskulen i Innlandet i Lillehammer. Tok deretter master i dokumentarfilmproduksjon og blei utdanna dokumentarfilmregissør. Har jobba som regissør og produsent for produksjonar som mellom anna *Unge Mødre*, *Paradise Hotel*, *Farmen* og *Sinnasnekkeren*. Hadde ei sentral rolle i *Insider* og var programleiar i *Insider FEM*. Jobbar for tida som programleiar i *Norge bak fasaden* og som journalist i TV 2. Vann Gullruten for beste programleiar 2021. Intervjuet blei gjennomført i Oslo den 17.12.2021 og varte i 1 time og 13 minutt.
- Leo Ajkic, fødd 1983. Programleiar for radio og TV. Tok examen philosophicum og examen facultatum ved Universitetet i Bergen. Starta med TV i 2007. Har sidan den gong fungert som programleiar i fleire dokumentarar for NRK TV. Har fått fleire utmerkingar for sitt arbeid, mellom anna Fritt Ords honnør, Ole Vig-prisen, Jonasprisen og Gullparaplyen. Vann Gullruten for beste mannlege programleiar for serien *Flukt* i 2017. I 2022 vann han på nytt Gullruten for beste programleiar for serien *Rus*. Intervjuet blei gjennomført via FaceTime den 09.03.2022 og varte i 57 minutt.
- Gerhard Helskog, fødd 1963. Journalist. Byrja som journalist og fotograf i lokalavisa etter konfirmasjonen. Tok mellomfag ved Universitetet i Oslo og bedriftsøkonomieksamen på Bedriftsøkonomisk Institutt. Har sidan den gong jobba i Østlandets blad, NRK, Dagbladet og TV 2 med både innanriks og utanriks. Var med å starte TV 2 i 1992. Jobba som programleiar i det undersøkende dokumentarmagasinet *Dokument 2*. Seinare programleiar i *Rikets tilstand* og *Vårt lille land*. Han har vunne fleire prisar for sitt arbeid, mellom anna SKUP, Amandaprisen, Gullruten og Hirschfeldprisen. Intervjuet blei gjennomført via FaceTime den 10.03.2022 og varte i 1 time og 2 minutt.

I ettertid vil eg seie at nokre av intervjuja blei litt vel lange. Dei skulle helst ikkje vore meir enn tre kvarter. Eg hadde litt for mange spørsmål på blokka og begge partar var særst engasjerte i tematikken, noko som resulterte i lange og utdjupande svar. Dette gjorde at eg satt igjen med mykje informasjon, der noko var mindre relevant for oppgåva. I tillegg blei transkripsjonen meir tidkrevjande. Her burde eg gått inn med ein spissare vinkel og tatt meir kontroll over intervjusituasjonen. Dette er også eit resultat av at det kan vere vanskeleg å følgje med på klokka når ein møtes ansikt til ansikt fordi ein vil oppretthalde augekontakt og vere til stades i samtalen.

Resterande datainnsamling

Før intervjuja med informantane, såg eg gjennom følgjande program for å finne relevante spørsmål til kvar enkelt:

- *Norge bak fasaden*: «En undersøkende dokumentarserie som utforsker den norske virkeligheten på godt og vondt» (TV 2 Play, 2019-2021).
- *Norge til salgs*: «Under forkledning som pakistansk flyktning forsøker Kadafi Zaman å avdekke hvordan handelen med menneskesmuglere foregår. Han vil til Norge, men trenger falske papirer og transport over Middelhavet. I Russland prøver han å finne ut hvem som organiserer sykkelruten til Storskog» (TV 2 Play, 2016).
- *Insider FEM*: «Tar oss med inn bak fasaden, og historiene er ofte dramatiske og nærmest uvirkelige, men også morsomme, lidenskapelige og overraskende. Serien dokumenterer noe av alt det rare, farlige, triste og spennende som rører seg i vårt moderne samfunn» (Discovery+, 2017-2021).
- *Rus*: «Leo Ajkic skal finne sannheten om rus – på godt og vondt. For det er gøy å feste, med da er det noe viktig du må vite» (NRK TV, 2021).
- *Uønsket*: «De kjenner ikke noe annet hjemland enn Norge. Likevel kastes asylbarna ut av landet. Leo Ajkic vil finne ut hvorfor» (NRK TV, 2022).
- *Flukt*: «Norsk dokumentarserie i fem deler med Leo Ajkic. Serien gir et innblikk i hverdagen til noen av dem som flykter. Bak hvert tall skjuler det seg en historie. Hvordan vil flyktningene forme fremtiden vår?» (NRK TV, 2017).
- *Leo tar valget*: «Leo er førstegangsvælger og har gjennom åtte episoder lært at alt er politikk. Nå skal han lære bort det samme til deg» (NRK TV, 2013).
- *Uro*: «Hva uroer oss? Leo Ajkic lytter til folks bekymring for innvandring, velferdsstatens kollaps, ensomhet, terror og klimaendringer» (NRK TV, 2019a).

- Vårt lille land: «Hva skjer når en gruppe erfarne journalister reiser ut i Norge på jakt etter håpet? De kommer tilbake med fantastiske fortellinger om vanlige menneskers liv. Det viser seg at alle har en historie» (TV 2 Play, 2013-2021). Her såg eg episoden Mors hemmelighet: «TV 2-reporter Gerhard Helskog avslørte sin mors store hemmelighet. Først da hun hadde timer igjen å leve oppdager han hva hun hadde holdt skjult for familien» (TV 2 Play, 2021).

Funn og analyse

Ei ofte brukt beskriving av kvalitativ forskning er at du som forskar oppheld deg mellom nærleik og distanse (Grenness, 2020, s. 65). Næss og Pettersen (2017 s. 80) skriv at «du skal gå tett nok på for å få tilgang til verdifull informasjon, men ha distanse nok til ikkje å rokke ved intervjupersonen sin integritet». Gjennom datainnsamlinga fekk eg nærleik til informantane og deira forteljingar. Dette ga meg tilgang til eit rikt og detaljert datamateriale. Distanse er vel så viktig for å unngå nærsyntheit og subjektivitet. Ein må kunne løfte materialet og gje det eit breiare perspektiv. Det skjer i analysedelen som vi skal vidare til no.

I denne delen presenterer og analyserer eg funna frå den empiriske undersøkinga. Eg tar for meg åtte ulike deltema og set informantane opp mot kvarandre ved hjelp av deira tankar og refleksjonar kring programleiarrolla. Etter kodinga av intervjumaterialet, sit eg igjen med åtte deltema; å by på seg sjølv, profesjonell – personleg – privat, karakteroppbygging, å gå ut av komfortsona, fordømmar, fallgruver, baksida av medaljen og korleis lukkast som programleiar.

Å by på seg sjølv

I nyheitsjournalistikken er det vanleg at journalisten forsøker å skjule eigne meiningar og personlege preferansar for å stå fram som objektiv og fordomsfri. Ikkje fordi ein vil vere ein annan, men fordi det er uinteressant. *Fakta* er det sentrale, ikkje journalisten sine synspunkt eller haldningar (Brurås, 2014, s. 51). Når det kjem til dokumentarsjangeren, har programleiarane noko friare taumar. Saman med resten av redaksjonen, vel dei kor mykje dei vil dele med omverda. Det første deltemaet i oppgåva ser på det å by på seg sjølv i journalistikken ein lagar. Gjennom forskinga mi kjem det tydeleg fram at Milda Melland er den av informantane som er mest komfortabel med å gje av seg sjølv. Ho set ingen klare grenser og lærer av eigne overtramp. Leo Ajkic og Janne Amble er ikkje framand for å dele

personleg informasjon der det passar inn, men trivst likså godt når intervjuobjekta opnar opp. Kadafi Zaman og Gerhard Helskog held meir tilbake. Dette skuldast deira bakgrunn frå nyheitsjournalistikken.

Gerhard Helskog meiner det er fleire grunnar til å bruke seg sjølv i journalistikken ein lagar. Det kan vere reint praktisk ved at ein fortel ei historie i ruta som ein formidlar. Gjer programleiaren ein god jobb, har sjåarane lyst til å returnere til den same formidlar. Dei stoler på programleiaren og vel difor å sjå programmet sjølv om dei ikkje nødvendigvis interesserer seg for tematikken. Programleiaren kan med andre ord trekkje til seg sjåarar. Det er eit opplagt forteljargrep som TV 2 prøvde seg på med *Dokument 2* og *Rikets tilstand* (samtale med Gerhard Helskog 10.03.2022).

Det at journalistar deler egne vurderingar kan bidra til å styrkje saka, meiner Helskog. Når TV 2s utanriksreporter Øystein Bogen går live og ting er bomba i landet han dekkjer, og han seier at dette er noko av det verste han har sett, betyr det noko fordi han har sett mykje. Helskog stoler på Bogen og meiner han er ein av Noregs suverent beste og viktigaste livereporterar. Hans vurderingar og betraktningar er viktige. Det same gjeld for ein krimreporter som har god oversikt over dei viktigaste krimsakene dei siste 20 åra, og som seier at noko er i ferd med å bli ei stor sak. Då stoler sjåaren på informasjonen som blir servert (samtale med Gerhard Helskog 10.03.2022).

Helskog syns sjeldan det er vellykka når programleiaren fortel om seg sjølv og egne opplevingar som han samanliknar med dei menneska han skal møte (samtale med Gerhard Helskog 10.03.2022). Her ser vi eit klart skilje mellom Gerhard Helskog, Janne Amble og Leo Ajkic. Amble og Ajkic har begge fortald om personlege sider ved livet sitt og dradd sjåarane med på reisa. Eit av dei prosjekta Ajkic er mest nøgd med, er serien *Flukt* frå 2017 som gjev eit innblikk i kvardagen til menneske på flukt. I dokumentaren reiser Ajkic til heimlandet og deler si eiga personlege historie som flyktning. Han fortel om kva som skjedde og korleis han opplevde det. I eit av klippa les han eit gamalt brev han fekk frå bestefaren sin som tolvåring og mimra tilbake til fine stunder. Redaksjonen meinte det var ein fin måte å bli betre kjend med Leo som person. Han som flyktning er glad i bestefar. Nordmenn er glade i bestefar. Dermed har programleiar og publikum noko til felles. Medan andre leiter etter forskjellar, ville dei spele på likskapar (samtale med Leo Ajkic 09.03.2022).

Grunnen til at Ajkic delte så mykje i *Flukt*, var fordi han meinte at det var riktig setting. Han var relevant i historia. Dette er noko han har kunnskap om fordi han har gått gjennom det. Han hadde mogelegheita til å opne seg opp og vise nye sider ved seg sjølv. Dei personlege erfaringane gav ekstra tyngde og kredibilitet til Ajkic som programleiar fordi han visste kva han snakka om. Det var ikkje lett å komme til Noreg som flyktning. «*Flukt* ga med mogelegheita til å fortelje litt om kven eg er og ikkje berre kva slags vitsar eg kan eller korleis eg kler meg» (samtale med Leo Ajkic 09.03.2022).

Leo Ajkic slepp seg laus på opptak både med tanke på kva han seier og meiner, men også kjenslemessig. Eit døme på dette er då han møtte faren til ein gutunge som døydde på flukt til Europa i håp om eit betre liv. Faren viser Ajkic ein plante som dei planta saman før sonen drog. Faren skulle aldri la planten døy fordi det var eit symbol på sonen. Han kunne ikkje stogge sonen frå å reise og han kunne ikkje redde livet hans, men han skal ta vare på planten så lenge han lever. «Du kan gjere research og du kan forberede spørsmål, men når du opplever ekte augeblikk, så hugsar du det. Då gløymer du heilt at du blir filma» (samtale med Leo Ajkic 09.03.2022). I det augeblikket grein Ajkic, men produksjonen valde å klippe det vekk fordi då hadde han overbrukt seg sjølv. Det er ikkje alle settingar ein har lyst til å høyre om programleiaren. Klippet ga meir tyngde utan grininga. Då kunne sjåaren kjenne på eigne kjensler og grine om dei følte for det. Av same grunn som Ajkic grein på opptak, kunne sjåaren grine heime i sofaen.

Eg kan ikkje opne meg opp og bruke meg sjølv i kvart einaste prosjekt. Det er ikkje meg det handlar om. Men somme gonger er det riktig dersom eg har noko viktig å fortelje (samtale med Leo Ajkic 09.03.2022).

Scenen med kortet frå bestefar fortel noko om programleiaren som person, medan scena med blomen til far seier noko om kjenslene programleiaren føler overfor eit intervjuobjekt. Programleiaren bør altså ikkje påleggje andre menneske kjensler, men kan fullt og heilt kjenne på sine eigne. Her ser vi eit døme på når det er riktig å bruke seg sjølv og når ein bør unngå det. I seinare tid har Ajkic gitt ut fleire dokumentarseriar der han ikkje bruker seg sjølv i like stor grad. Serien *Uønsket* handlar om Mustafa Hasan som risikerte å bli kasta ut av landet. Det at Ajkic brukte Hasan som hovudperson, gjorde at han slapp å bruke seg sjølv. I *Flukt* hadde han ingen hovudperson. Dermed ga han mykje av seg sjølv til sjåaren (samtale med Leo Ajkic 09.03.2022).

Det Janne Amble no gjer framfor kamera, har ho allereie gjort bak kamera i 15 år. Det å vere til stades i situasjonen og få folk til å levere, er ho vane med som regissør. Den einaste forskjellen er at ho no er ein del av utsnittet. Amble kjem frå program og dokumentar. Ho er ikkje nyheitsjournalist slik som sin makker Kadafi Zaman. Han fungerer som ein meir objektiv part i *Norge bak fasaden*, medan ho får lov til å bli meir prega av historier, meiningar og kjensler. Ho kan kommentere og by aktivt på seg sjølv. Amble meiner det er både sunt og bra at ein som programleiar blir prega av menneska ein møter. Ein bør aldri bli iskald og feie kjenslene vekk. Amble brukar seg sjølv som eit reiskap for å forbetre historieforteljinga. Likevel er ho heile tida bevisst på kor stor plass ho tar i programmet og kor relevant det ho seier og gjer er. Programleiaren er ikkje hovudpersonen. Dersom ein tar plass og krev merksemd vekk frå det som er viktig, som er historia og karakterane ein møter, så har ein mislukkast (samtale med Janne Amble 17.12.2021).

For Amble går grensa ved kva ho tenkjer er viktig og som kan bidra til å gjere historia betre. Informasjonen må alltid vere både relevant og interessant. I episoden om abort fortel Amble om sitt personlege møte med tematikken. Ho tok sjølv abort då ho var yngre. Amble valde å dele dette fordi det er viktig å snakke om abort sjølv om det er privat. Det er alt for mange jenter som ber på hemmelegheita aleine. Amble var aldri i tvil om ho skulle dele det og ho syns heller ikkje det var vanskeleg å snakke om. Det var meir eit spørsmål om kvar og når.

Eg kan ikkje lage eit program der føresetnaden er at vi må snakke meir om abort, få ei ung jente til å fortelje om å ta abort på TV, og sjølv ikkje vere open om mi historie. Då går eg imot mitt eige program og tilbakeheld vesentleg informasjon (samtale med Janne Amble 17.12.2021).

Eit anna døme der Amble brukar seg sjølv aktivt, er episoden om varslingsrutinar i barneidretten. Her tar ho eit djupdykk inn i dei negative sidene ved idretten. Deriblant turn som ho sjølv har vonde minner frå då trenaren behandla utøvarane dårleg. Ved hjelp av gamle familieopptak mimrar ho tilbake til den tida. Ho kunne synleggjere og setje ord på dilemmaet for sjåaren. Kva er det som gjer at ein ung turnar ikkje sluttar om ho hatar å vere i turnhallen? Det var noko med historieforteljaren i ho som skjønnte at om ho er personleg og brukar seg sjølv som ein del av historia, vil det tilføre verdi. Ho snakka med unge jenter som var i same situasjon som ho sjølv hadde vore i og som ikkje orka å stå i det lenger. Dermed byrja Amble å finne tilbake til dei vonde kjenslene ho hadde i turnhallen som lita jente. Somme gonger blei

ho emosjonell – noko som overraske ho. Det var noko terapeutisk i å dele (samtale med Janne Amble 17.12.2021).

Amble meiner hennar eigne refleksjonar løfta programmet fordi ho kunne setje ord på korleis dei unge jentene hadde det. Ho var sjølv eit offer i saka. Det var fint å dele det ho hadde på hjarta som ho ikkje tora å seie då ho var tolv år gamal. Ho slo eit slag for, og vidareformidla historia til, dei unge jentene som kom etter ho. Dei som er sletne og lei seg, som har det tøft og vanskeleg. Og som ikkje tørr eller orkar å stå fram. Dette er den episoden Amble er mest stolt over å ha laga. Redaksjonen byrja å pirke borti ein tematikk som dei i utgangspunktet ikkje var så gira på, men som viste seg å vere særskild viktig. Dei klarde å lage eit program med brei appell som slo an og skapte endring. Norsk idrett har no fått eit uavhengig domsutval som skal undersøkje slike saker (samtale med Janne Amble 17.12.2021).

Milda Melland er uredd og tenkjer lite på konsekvensar. Ho byr på seg sjølv utan rammer eller rettleiing rundt korleis rolla hennar skal vere. Skal ho ta del i ting? Kvar går grensa? Det har ho ikkje tatt stilling til. Eit døme der Melland byr aktivt på seg sjølv, er når ho testar ut konkurranseforma bikini-fitness. I episoden møter ho jenter som jaktar draumekroppen i kombinasjonen mellom fitness og skjønneheit. I ei av scenene kler Melland av seg til undertøy og får kroppen bedømt på kamera. Melland har ingen problem med å by på seg sjølv i form av kropp. «Eg tenkjer veldig lite på kva andre meiner om meg. Eg berre druser rundt her i livet og hopper uti det meste. For meg var det helt uproblematisk fordi eg dreit i kva han tenkte om kroppen min» (samtale med Milda Melland 18.01.2022).

Det er vanskelegare for Melland å by på kjensler, stå i kva ho meiner og by på den verkelege seg. Ho snakkar generelt lite om dette og er flinkare til å vise positive sider. Engasjement viser ho raskt, medan sårbarheit likar ho ikkje. Det er også hennar styrke fordi det gjer at ho er uredd og ikkje har så mange negative tankar. I byrjinga hadde ho vanskeleg for å opne opp, men etterkvart tok ho sjåaren med på eigne tankar og kjensler. Etter at ho fekk barn, viste ho meir sårbarheit. «No hadde eg nok skrudd av vasskrana litt. Fordi det kan bli upassande. Ein bør ikkje drukne i eigne kjensler» (samtale med Milda Melland 18.01.2022).

Då Melland laga ein episode om sugardating, møtte ho ei jente i Bergen som hadde blitt voldtatt utan å innsjå det. Melland grein fordi det gjorde inntrykk å høyre jenta si historie. I ettertid meiner Melland at ho burde ha heldt kjenslene for seg sjølv fordi jenta grein ikkje.

Programleiaren bør ikkje farge ei oppleving som vond. I ettertid tenkjer ho at det blei for mykje kjensler i omløp (samtale med Milda Melland 18.01.2022). Her får ho støtte frå Leo Ajkic som har ein tendens i det verkelege liv til å tenkje at han kan relatere til ting, sjølv når han i realiteten ikkje kan det. På skjermen er han difor forsiktig med å ha definisjonsmakta. Han liker ikkje generalisering eller å bli fortalt kva han skal tenkje og føle. Difor vil han heller ikkje påleggje andre å føle heller (samtale med Leo Ajkic 09.03.2022).

Eit anna døme der Melland brukte seg sjølv, var då ho selde trusa si. Melland meiner alt ein gjer som programleiar må vere journalistisk motivert. Ho kan godt vere «klovn» dersom det ligg eit journalistisk grunnlag bak gjerningane hennar. Den gongen følte ho at scena blei klippa slik at det verka som om ho syns det var kjekt å selje trusa. Det Melland faktisk var opptatt av, var å møte kjøparen. Kvifor ville han betale for ei truse? Kva er det som driv han som menneske? Kvifor hadde han denne fascinasjonen? Det journalistisk interessante var alle dei menneskelege spørsmåla rundt kven personen er. Den informasjonen drukna heilt. Denne hendinga gjorde at Melland følgde klippen nøyare i dei seinare sesongane (samtale med Milda Melland 18.01.2022).

Melland meiner nokre historier kan forteljast betre ved hjelp av ein programleiar som kan halde sjåaren i handa undervegs. For å lage ein effektiv dokumentar, kan ein inkludere ein programleiar for å få med seg sjåaren på reisa. Melland er likevel redd for at dette konseptet held på å bli oppbrukt. Programleiaren som reiskap går i periodar. Det spørst om det er behov for det eller ikkje. Ein må heile tida spørje seg kva det tilfører historia. Ein periode skal programleiaren føle på alt, medan den neste skal ein skru ned og vere meir anonym (samtale med Milda Melland 18.01.2022).

For Kadafi Zaman var det vanskeleg å finne forma som programleiar. Det var ein krevjande start, eit nytt format og ein heilt ny måte å jobbe på. «I byrjinga var det veldig uvant og ukomfortabelt rett og slett. Fordi eg var ikkje vant til å vere Kadafi, senke skuldrene, vise kjensler, kommentere, vere privat og gje av meg sjølv» (samtale med Kadafi Zaman 17.12.2021). Zaman var vane med å gje sterile nyheitsoppdateringar, medan i dokumentaren skulle han gjennom ei slags reise der han kommenterer, observerer og føler undervegs. Under dei første opptaka oppstod det gnissingar mellom Zaman og regissøren fordi han sleit med å leggje frå seg nyheitsmoduset. Zaman var usikker på om han kunne meistre den nye sjangeren. Han skulle tross alt returnere til nyheitene etter at dokumentaren var ferdigstilt. Det

gjekk seg likevel til etterkvart. Det krevja tid og tolmod (samtale med Kadafi Zaman 17.12.2021).

Profesjonell? Personleg? Privat?

Når ein trår inn i programleiarrolla, må ein ta nokre val om kva og ikkje minst kor mykje ein er villig til å dele med omverda. Det andre deltemaet handlar om gapet mellom det personlege og det private. Forskinga mi viser at informantane samla sett er nokså einige om at familie, barn og intime relasjonar held ein for seg sjølv. Likevel har dei nokså ulike meiningar rundt kva dei er komfortable med å dele og kvar grensa går. Kadafi Zaman set klare grenser og vil bevare sin profesjonalitet som nyheitsjournalist, medan Milda Melland har nærmast ingen grenser. Ho hoppar uti det meste med eit ope sinn og lærer av det i etterkant. Leo Ajkic kan dele personlege livserfaringar, men held privatlivet for seg sjølv. Janne Amble kan vere både personleg og privat, men berre dersom det tilfører historia noko ekstra. Gerhard Helskog har vore nokså privat i media den siste tida, men er alltid bevisst på kvifor han vel å dele.

Milda Melland syns grensesetting er vanskeleg. Ho veit ikkje om grensa er nådd før det er forseint. Måten ho lærer på, er å gå for langt. Melland set ingen klare grenser for seg sjølv, men prøver og feilar undervegs. Konsekvenstenking har ho aldri hatt tid til og det ligg heller ikkje i hennar natur. Ho spring ut og gjer si greie også finn ho ut i ettertid om det var å gå for langt. Ho vil heller angre på det ho gjorde enn det ho aldri gjorde (samtale med Milda Melland 18.01.2022).

For Gerhard går grensa ved kva han tenkjer er kleint, narraktig, sjølvopptatt og dumt. I det siste har han delt mykje av privatlivet sitt i media. Han har både snakka om mors hemmelegheit og sjukdommen Parkinson. Helskog er klar på kvifor han deler. Informasjonen må gje publikum noko. Historia om mor hans er alvorleg, men viktig. Det seier noko om kva som gjennom tidene har påført oss først skamfølelse og deretter skyldfølelse. Det er ei klassisk forteljing med eit dramatisk dreiepunkt, eit kappløp og ei forsoning ved dødsleie. Mange ber på hemmelegheiter slik mor hans gjorde og fleire har søsken dei ikkje får kontakt med. Når det gjeld sjukdommen Parkinson, er det fleire tusen menneske som plutsleg får ein diagnose der det går feil veg og det ikkje eksisterer ein kur. Likevel kan ein førebyggje. Trening er måten Helskog held seg på beina. Det er det einaste som hjelper. Sjukdommen er ei viktig historie der han kunne nå ut og seie til folk som sit i sofaen heime at dei må opp og bevege seg. Så enkelt – men likevel så vanskeleg. For Helskog var det heilt uproblematisk å

dele. Det kan ha noko med at han har levd i offentlegheita i 30 år og er vane med at folk ser på han. Det har vore intenst i periodar, men han klarer å ignorere det.

Er det ute av komfortsona å fortelje om si eiga helse og sjukdom? Der er eg kanskje litt avstumpa. Det var ein konkret og praktisk ting rundt ein sjukdom som er drit og eit råd om kva du kan gjere. Det var legitimt og ein forklaring på kvifor eg forsvinn etter 30 år på skjermen (samtale med Gerhard Helskog 10.03.2022).

Helskog ville derimot aldri ha fortalt om sitt intime liv. Verken kjærleikslivet, barna eller familien. Der set han ein klar strek for kva som er greitt og ikkje (samtale med Gerhard Helskog 10.03.2022). Leo Ajkic snakkar heller ikkje så mykje om privatliv. Relasjonar og kjærastar held han for seg sjølv. Hans næraste er vanlege menneske som ikkje har bedt om eit liv i offentlegheita. «Eg snakkar høgt om det som er viktig for andre der ute at eg deler. Det inneber ikkje privatlivet mitt» (samtale med Leo Ajkic 09.03.2022). Her får han støtte frå Milda Melland som aldri kunne ha utlevert barna eller familien (samtale med Milda Melland 18.01.2022). Janne Amble ville heller aldri delt barn, hus eller familie fordi det verken er relevant eller viktig (samtale med Janne Amble 17.12.2021).

Kadafi Zaman har alltid vore bevisst på å skjermje barn og familie. Han er nokså privat og har sagt klart ifrå til produksjonsteamet at han er ukomfortabel med å dele for mykje. «Hit, men ikkje lenger. Dette er greitt, dette er ikkje» (samtale med Kadafi Zaman 17.12.2021). Han kan vere både profesjonell og personleg, men ikkje så veldig privat. Medan dei andre informantane opnar opp, set Kadafi Zaman ned foten. Han har eit sett med tydelege grenser, der dei andre ikkje har like tydelege grenser. Produksjonen har hatt eit ynskje om at han skal dele meir, som til dømes opptak heimanfrå. Det har han takka nei til fordi han framleis er nyheitsreporter. Han jobbar ofte med krim saker og har eit heftig trusselbilde som gjer at han heile tida må tenkje på jobben etter episodane. Han skal tilbake til rettssalen, gjengane og framandkrigarane for å dekkje det som nyheitsjournalist. Der skal han kommentere korona, asyl eller drap. Difor kan han ikkje blottleggje seg fullstendig, men har prøvd å finne ein balanse han er komfortabel med. Zaman er heile tida bevisst på sin mangeårige bakgrunn som nyheitsreportar og klarer ikkje heilt å bli kvitt det stampelet. Det å skulle endre seg radikalt i motsett retning hadde blitt vanskeleg (samtale med Kadafi Zaman 17.12.2021).

Amble tenkjer alltid på kva som er interessant for sjåaren og korleis ho som programleiar kan vere med på å gjere historia betre. Det viktigaste er historia og korleis ein kan skape

engasjement rundt tematikken. Det å vere navlebeskuande og velte seg i eigne kjensler, er ikkje interessant for publikum. Dersom breidda blant norske sjåarar kan relatere seg til programleiaren si personlege oppleving og ein klarer å presentere det på ein interessant måte, meiner Amble det er relevant å dele. Skal ho opne opp i eit program, må det vere fordi ho kan bidra til innsikt i eit tema som angår fleire (samtale med Janne Amble 17.12.2021).

Karakteroppbygging

Det er mange ulike måtar og metodar å handtere rolla som programleiar på. For somme fell det naturleg å brette seg ut framfor kamera, medan for andre krev det tilvenning. Det tredje deltema tar for seg karakteroppbygging. Etter å ha analysert intervjumaterialet mitt, viser resultatata at Gerhard Helskog og Janne Amble har trua på å vere autentiske. Dei er nokså like seg sjølv både på og av kamera. Kadafi Zaman held meir igjen og Milda Melland skrur på ei slags rolle. Leo Ajkic er somme gongar naturleg, medan andre gongar spelar han skodespel.

Janne Amble sin metode som programleiar har vore å vere seg sjølv. Om ho skulle tatt på seg ei rolle, hadde det ikkje funka. Hadde produksjonen bedt ho om å vere annleis, hadde ho aldri gått med på det. Amble ser på seg sjølv som ein nokså vanleg person med vanlege meininger. Så lenge ho er open og ærleg, kan dei fleste sjåarane identifisere seg med ho. Det er eit godt utgangspunkt. Ingen identifiserer seg med ein perfekt person som seier og gjer det riktige til ei kvar tid. Slike personar blir fort gjennomskoda.

Ein blir jo veldig lei av seg sjølv, men likevel trur eg det er veldig slitsamt å alltid skulle tenkje over at du ikkje er fin nok, tynn nok, perfekt nok. Du har ikkje dei riktige kleda, stiller ikkje gode nok spørsmål. Du ser dum ut eller nasen din er skeiv. Eg er såpass gamal og trygg på meg sjølv at eg kan vere avslappa framfor skjermen utan å føle at eg må vere perfekt. Eg er den eg er. Og det er bra nok (samtale med Janne Amble 17.12.2021).

I likskap med Janne Amble er forskjellen på Gerhard Helskog som journalist og privatperson ganske liten. Helskog meiner det er bra at det ikkje er så stor forskjell på den personen ein prøver å formidle utad med det som er sant. Det med skodespel og å setje seg sjølv i scene, har han ikkje tru på. Journalistikk handlar om å seie noko som er sant. Då kan ein ikkje starte med ein programleiaren som er falsk, overdriven eller som spelar skodespel (samtale med Gerhard Helskog 10.03.2022).

I motsetnad til Helskog, skruer Milda Melland på ei slags rolle. Den største forskjellen er ifølgje ho sjølv at ho er hyggelegare på skjermen. Saman med sine nærmaste er ho meir sarkastisk og mindre audmyk. I byrjinga var det vanskeleg å skulle vere seg sjølv. Som journalist og regissør var ho vane med å vere diplomatisk og delte aldri egne meiningar. Jobben handla om å få fram det andre meinte. Plutselig skulle ho sjølv meine noko. Ho blei usikker på kva som var riktig å meine i ulike situasjonar. Om publikum blei sjokka, burde Melland også bli det. Ho følte difor at ho måtte seie ting ho ikkje kunne stå inne for. I tillegg skulle ho fylle fleire roller på ein gong. Ho var programleiar samstundes som ho hadde regi på seg sjølv. Det var ein veldig merkeleg kombinasjon som tok tid å meistre (samtale med Milda Melland 18.01.2022).

Ifølgje Kadafi Zaman er det ein viss forskjell på han sjølv som journalist og privatperson. Mange trur profesjonelle Zaman er seriøs heile tida og konstant skal undersøke, konfrontere og avsløre. Det stemmer ikkje. Private Kadafi er meir jovial, sosial og avslappa. I *Norge bak fasaden* har han lagt seg midt i mellom. Det var vanskeleg å skulle vere seg sjølv i dokumentarverda, og i starten heldt han mykje tilbake. No er det annleis. Etter to sesongar har han funne forma. Etterkvart som han blei komfortabel med dokumentarsjangeren, trengde han ikkje å spele skodespel. Han kunne berre vere seg sjølv. Han kunne seie seg ueinig i andre sine meiningar om til dømes narkotikapolitikk, samtidig som han prøvde å dyrke den underliggende nysgjerrigheita utan å vere for hard og dømmande (samtale med Kadafi Zaman 17.12.2021).

På skjermen må Leo Ajkic vere meir politisk korrekt enn han er på privaten. Dette fordi han ikkje berre representerer seg sjølv, men også programmet, redaksjonen og NRK. På jobb er han eit produkt som skal imponere både produksjonen og sjåarane. «Eg blir snakka om som eit reknestykke. Vi tel likes og sjåartal, målar meiningar og popularitet» (samtale med Leo Ajkic 09.03.2022). Når det kjem til karakteroppbygging, spørst det på settinga. Somme gonger er det naturleg, medan andre gonger er det skodespel. Nokre prosjekt gjev rom for humor, medan andre gjev mogelegheit til å stille gode spørsmål og gå i djupna. I programmet *Typen til* der Ajkic sjekka ut korleis det var å vere kjæraste med nokon av landets mest spanande kjendisdamer, lata han som om han var sjalu og spelte dermed ei rolle med vilje fordi det er slikt som skjer i kjærleiksrelasjonar. I den type underhaldning må han vere ein karakter for å lage god TV (samtale med Leo Ajkic 09.03.2022).

Fordommar

Som programleiar møter ein mange ulike menneske. Det kan vere vanskeleg å ta imot alle med eit ope sinn, spesielt dersom dei har andre meiningar enn ein sjølv. Difor er det viktig å vere bevisst eigne fordommar. For vi har alle eit par briller som fargar det vi ser. Den skildringa eller tolkinga vi gjer oss av røynda, er verken objektiv eller nøytral, men basert på haldningar, erfaringar og forventningar (Grenness, 2020, s. 71). Det fjerde deltema eg undersøker, er fordommar. Informantane erkjenner desse fordommane, men somme kjenner meir på dei enn andre. Analysinga mi viser at Milda Melland og Leo Ajkic er nokså liberale og opne for nye synspunkt. Janne Amble meiner fordommar kan brukast til noko positivt ved å ta sjåaren med på hennar fordomsfulle reise. Gerhard Helskog har opplevd å endre meining i møte med ny kunnskap. Kadafi Zaman har fleire gongar blitt utfordra på eigne fordommar. Somme gonger har han til og med tileigna seg fleire fordommar undervegs i arbeidet.

Gerhard Helskog er einig i at vi alle har fordommar i større eller mindre grad. Det er ikkje vits i å late som noko anna. Han har sjølv opplevd å ta knekken på desse i møte med ny kunnskap. Det viser seg at menneske han i utgangspunktet har vore kritisk til, ofte er fine folk. Dei er gjerne samansette, men gode personar. Eit døme på dette er selfangstinspektør Odd Lindberg som alle lo av, og som Gerhard sjølv tykte var rar. Lindberg avslørte store og alvorlege feil i selfangsten. Dyra blei ikkje avliva på forskriftsmessige måtar, noko som innebar stor smerte for selane. Lindberg blei ein folkefiende i Noreg og folk hata han. Likevel viste det seg at Lindberg i grunn var eit veldig fint menneske som blei ruinert og øydelagt av den norske stat. Frå å vere ein folkefiende som alle forholdt seg til, døydde han i stillheit hausten 2021 med minimalt oppmøte i kyrkja (samtale med Gerhard Helskog 10.03.2022).

Gjennom nysgjerrigheit, openheit og dialog kan ein møtast i ei felles forståing (Handgaard, 2020, s. 279). Milda Melland er open i møte med andre menneske. Ho har ingen djupe fordommar. Dei er alle veldig overflatiske. For Melland har utfordringa vore å tenkje på alle dei rare spørsmåla vanlege folk har, som ho har lagt på hylla for lenge sidan. Somme gonger skrur ho ned sitt verdssyn i byrjinga slik at det opnast opp mot slutten av episoden. Ho overspeler gjerne eigne fordommar for å få sjåaren med på reisa og latar gjerne som om ho veit mindre eller er meir skeptisk enn kva ho i utgangspunktet er. «Intensjonen med programmet er å oppdage nye ting. Då er det fint at eg kan skru på nokre fordommar fordi det er det folk har. Også møter eg personar og blir opplyst og kan motbevise fordommane» (samtale med Milda Melland 18.01.2022). Melland meiner vi har godt av å utfordre eige

livssyn og tankesett i møte med nye menneske. Kva er sanninga? Kva er røynda? Det er jo berre auga som ser. Det er viktig å innsjå at vi er berre folk uavhengig av fetisjar og avhengigheit. Menneske har godt av å få innblikk i andre sine liv for å bli meir inkluderande, sjølvreflekterande og sjølvkritiske. Vi må ikkje leve i vår eiga boble, men innsjå at verda er samansett (samtale med Milda Melland 18.01.2022).

Janne Amble sin filosofi rundt det å vere programleiar, er at sjåaren kan bli med ho på reisa hennar gjennom programmet. Her startar ho – dette er det ho skal finne ut av. Amble meiner fordommar kan brukast til noko positivt. Dersom fordommane hennar er interessante og noko andre kan kjenne seg igjen i, kan ho spele på dei. Det må ikkje vere for komplisert eller alternativt, men representere ein type fordom som fleire har. Ho reiser inn i tematikken både fysisk og mentalt for å få svar på det ho lurar på. Om sjåaren blir med på den reisa, har programleiaren og programmet fungert godt (samtale med Janne Amble 17.12.2021).

Somme gonger kan dette vere lettare sagt enn gjort. Eit døme på dette er då Amble prøvde å dele si fordomsfulle reise i episoden om løpegutter. Ho ville finne ut kva det var som fekk gutar heilt ned i 15-årsalderen til å bli kriminelle på Oslos austkant. Amble har vakse opp på Oslo vest og visste ikkje noko særleg om Mortensrud, Holmlia, Groruddalen eller Stovner. Ho ville reise dit for å møte dei som budde der. Amble tenkte at det kunne vere interessant fordi mange har same utgangspunkt som ho. Ho prøvde å finne ut kvar ho skulle starte si fordomsfulle reise. Dei tok nokre opptak, men det blei feil fordi fordommar ofte botnar i lite kunnskap. Amble stod fram som ei uvitande og ignorant dame frå vestkanten. «Eg lurde på korleis det var der også kjem eg dit også er det heilt normalt. Det var jo ikkje noko spesielt der» (samtale med Janne Amble 17.12.2021).

Ein av gongane Janne Amble tok knekken på fordommane, var i møte med barnevernet. Alle har eit forhold til, eller ein fordom mot, barnevernet. I utgangspunktet var ho ganske kritisk til institusjonen, men i dag har ho endra meining. Slik er det med dei fleste tema ho trer inn i. Ho byrjar si fordomsfulle reise før ho tar eit oppgjær med fordommane i slutten av programmet. Undervegs tileignar ho seg meir kunnskap og dermed endrar utgangspunktet og meiningane hennar seg. Det same gjeld med romfolk og tiggjarar. Amble har eit heilt anna syn på dei menneska og den problemstillinga i dag enn kva ho hadde før ho prøvde seg som tiggjar i Oslo sine gater (samtale med Janne Amble 17.12.2021).

Janne Amble meiner programleiaren må vere ærleg på godt og vondt. Har ein sterke meiningar om noko, må ein dele det. Programleiaren står fram som meir truverdig om han er open om eigne synspunkt. I møte med abort- eller vaksinemotstandarar, er det heilt greitt å vere ueinig, men ein kan likevel snakke saman og diskutere sakleg (samtale med Janne Amble 17.12.2021). Her ser vi likskapar mellom Amble og Leo Ajkic. Ajkic ser på seg sjølv som nokså liberal. Han er god på å møte menneske han er ueinig med for å høyre deira standpunkt. Målet er å finne ut kva dei står for og vise fram ulike sider av ei sak. Dei skal ikkje overbevise kvarandre. Han er der for å høyre kva dei meiner og kvifor. Det er ikkje vanskeleg å høyre etter og spørje dei spørsmåla som gjev gode svar. Ofte blir prosessen hyggeleg fordi Ajkic ikkje er dømmande, men open for nye innfallsvinklar i møte med andre. Mykje av jobben han gjer, får han til å vippe fram og tilbake i form av å tenkje over eigne meiningar (samtale med Leo Ajkic 09.03.2022).

Ein programleiar må klare å gå inn i eit tema med eit ope sinn, sjølv om Kadafi Zaman innrømmer at det somme gonger kan vere vanskeleg. Episoden om spiritualisme var ei fjern verd for Zaman. «Eg må ærleg innrømme at den episoden om alternativ behandling var jo til tider litt corny for meg. Sjeler, healing, medium og folk som snakkar med daude menneske» (samtale med Kadafi Zaman 17.12.2021). Undervegs fekk han stadig meir respekt for intervjuobjekta fordi dei oppriktig trudde på det dei dreiv med. Zaman trudde ikkje eit einaste sekund at dei bløffa eller prøvde å lure han. Zaman fekk eit blick som verken var fordømmende eller harselerande. For Zaman har det å jobbe med episodane vore utruleg lærerikt og ifølgje han sjølv gjort han til eit betre menneske (samtale med Kadafi Zaman 17.12.2021).

Kadafi Zaman vil jobbe med noko som utfordrar han, og likar best dei episodane der han startar med blanke ark og har lite kunnskap om tematikken. Han kan mykje om krim, terror og spionasje. Dei episodane går på automatikk. Andre tema som mobbing og kroppspress syns han var kjekt å jobbe med fordi han måtte setje seg inn i heilt nye problemstillingar og vere genuint interessert. Eit døme på dette er då han skulle lage ein episode om moderne menn som slit med sjølvbildet og dett utanfor samfunnet. Han enda opp på ein leir saman med mannfolk som skulle finne seg sjølv. «Eg tenkte at dette kjem til å bli eit freakshow. Kva slags folk er det som dreg opp i fjellet for å bli menn?» (samtale med Kadafi Zaman 17.12.2021). Undervegs innsåg Zaman at dette er eit oppriktig problem i vår tid. For nokre er dette eit genuint tilbod som fungerer og gjer at dei returnerer til samfunnet og har det betre

med seg sjølv. Det var ikkje noko latterleggjering eller stakkarsleggjering (samtale med Kadafi Zaman 17.12.2021).

Zaman laga også ein episode om dop i møblerte heimar og skuggesida av norsk ruspolitikk. Han gjekk inn i tematikken med det han omtalar som eit noko gamaldags syn på problematikken: alkohol er greit - narkotika er ikkje. Undervegs i episoden blei han utfordra på dette synet. For nokre fungerer narkotika som medisin og terapi. I episoden møter han ein oppegåande fyr som er utruleg god i matematikk og fysikk. Han jobba heimanfrå og lagde ei programvare. For å jobbe effektivt, sat han skot i form av heroin. Dette gjorde han rett framfor auga på Zaman. Det braut med alt Zaman hadde gjort og sett. Han har laga reportasjar om folk som set skot tidlegare, men det har vore ein stereotyp framstilling av tungt narkomane på gata. Den sletne og heimlause narkomanen som tar narkotika og har det fælt. Sjølv om han visste at det var oppegåande folk som brukte kokain og amfetamin, var dette ei heilt ny oppleving (samtale med Kadafi Zaman 17.12.2021).

Zaman har også opplevd det motsette, nemleg å få fleire fordommar undervegs i arbeidet. Det skjedde då han laga ein episode om kristne trussamfunn. I utgangspunktet trudde han ikkje at dei var så konservative, men undervegs fann han ut at somme får ikkje lov til å feire verken 17. mai, jul eller bursdag. For Zaman var dette heilt ny kunnskap om sosial kontroll og ein veldig lærerik prosess (samtale med Kadafi Zaman 17.12.2021).

Fallgruver

Det er mange feller ein kan gå i som programleiar og det er lett å tråkke feil undervegs. Deltema nummer fem er fallgruver. Gjennom forskinga mi kjem det fram at Gerhard Helskog og Janne Amble er einige i at den største fallgruva er å jakte rampelys og kjendisstatus. Milda Melland er opptatt av å utvide perspektivet og meiner mange programleiarar hamnar i ein vond sirkel der jobben blir altoppslukande. Leo Ajkic tar eit oppgjær med den klassiske nyheitsjournalisten og meiner ein slik tankegang er ei slags fallgruve i seg sjølv.

Gerhard Helskog gjorde dei største nybegynnarfeila i NRK Austlandssendinga på radio då han var fersk og ærbødig overfor journalistikken. På den tida var NRK ei monopolbedrift og det var svært få som dreiv med media. Helskog stivna heilt i studio, stava seg gjennom manus og var frykteleg bunden. Etter nokre månadar lausna det. Då han omsider tok steget inn i TV-

studioet, likte han seg i rommet og hadde kontroll som programleiar (samtale med Gerhard Helskog 10.03.2022).

Ifølgje Helskog er den største fallgruva som programleiar å tru at det handlar om deg. «Somme trur dei er så forbanna viktige berre fordi dei er på TV» (samtale med Gerhard Helskog 10.03.2022). Helskog har sett kollegaer få eit enormt stadfestingsbehov og bli heilt fortvila dersom dei ikkje får programma sine på lufta. NRK-monopolet gjorde at ein del av programleiarane på den tida fekk enorm merksemd og folk svimla rundt dei i sirkel på gata. Programleiarane fekk eit ego som eigentleg botna i djup usikkerheit. Dei verka oppblåste og sjølvhøgtidelege. Og dei sat seg sjølv framfor journalistikken, fakta og det dei var sett til å gjere. Helskog meinte den gongen at NRK burde leggjast ned og monopolet opphevast. Han gjorde opprør og slutta i bedrifta fordi han såg kva som skjedde med menneske som jobba hjå monopolkringkastaren. Somme blei tungt alkoholisererte nervevrak med merkelege sjølvbilete. Dei blei rett og slett skada og blei aldri seg sjølv igjen (samtale med Gerhard Helskog 10.03.2022).

Helskog meiner fleire hadde hatt godt av å slutte og glo i sin eigen navle. Ein burde heller løfte blikket og fortelje om samfunnet gjennom andre menneske enn seg sjølv. Det er veldig lett å sjå kvar feila fort oppstår. Programleiararen går i vegen og skuggar for dei menneska han skal møte. Det blir kjendisdrive og dermed overflatisk. Dersom ein har sterke TV-personlegdommar som nærmast blir sjølvnyttande, øydelegg det meir enn det hjelper (samtale med Gerhard Helskog 10.03.2022).

Ein blir avhengig av rampelyset og vil stadig ha meir, før det plutselig seier stopp. Somme er så vane med å vere midtpunktet at det blir ekstra tøft når tida i rampelyset er forbi. Ein dag er TV-livet over og ingen bryr seg om deg lenger. For Amble har det vore viktig å ha eit bevisst forhold til kva som er viktig her i livet og kva som er eit lite blaff i det store bildet. *Norge bak fasaden* er kjempekjekt når det står på, men det er berre ein liten avgrensa periode. Etter ei stund skal ho vende tilbake til sin vanlege jobb og sitt normale liv. Når den dagen kjem, er det ikkje noko nederlag for ho. Då skal ho finne nye utfordringar og kanskje aldri vere framfor kamera igjen. Likevel trur ho mange går i den fallgruva der overgangen vekk frå offentlegheita blir hard (samtale med Janne Amble 17.12.2021).

Amble trur også at mange programleiarar prøvar å vere smarte. Det er ikkje bra, fordi då føler sjåaren seg dum. Ho meiner det er smart å vere litt dum på opptak (samtale med Janne Amble 17.12.2021). Her får ho støtte frå Milda Melland som meiner at mange programleiarar vil vere smartare enn dei er. Difor er det viktig for Melland å stille dei dumme spørsmåla og ikkje prøve å vere noko ho ikkje er (samtale med Milda Melland 18.01.2022).

Mange journalistar går i fella der jobben er altoppslukande. Ifølgje Melland er det lett å hamne for djupt inn i tematikken. Då ho laga ein episode om unge som rusa seg, blei ho oppringd klokka ni om kvelden av ein som hadde sprukke og var tilbake på gata. Ho kontakta fotografen som var omstillingsdyktig og kom springande. *Insider FEM* kjem tett på fordi dei er der når det skjer. Dei er eit lite team på to personar som er veldig mobile og kan rykkje ut når som helst. Det er ein livsstil. Ein stemplar ikkje inn og ut, og ein tar med jobben heim. Som programleiar må ein vere dedikert. Opptaksperiodane i sesong tre og fire strakk seg over eit og eit halvt år. Dokumentaristen i ho lever og ånder for slike intensive periodar. Samtidig er det krevjande. Det er viktig å finne ein balansejong der ein ikkje grev seg for djupt ned i materien og mister privatlivet sitt. Ein kan ikkje leve slik i årevis. Melland er difor opptatt av å ha eit liv ved sidan av jobben (samtale med Milda Melland 18.01.2022).

Mange vel å ikkje bruke seg sjølv fordi dei vil vere objektive. Det meiner Leo Ajkic er ein gamaldags måte å tenkje på. Alle journalistar som trur dei er objektive, har ei meining. Dei latar berre som om dei er objektive. Ajkic latar ikkje som, han prøver berre å vere ærleg. Han har ikkje studert journalistikk og ingen har fortald han korleis ein journalist skal vere. Ajkic meiner den klassiske journalisten blir opplært til å tenkje innanfor ein boks. Dei er dårlege til å tilpasse seg forandring fordi dei har ein klar plan, reiser ut for å bekrefte hypotesen sin, og kastar alt til sides om den ikkje stemmer. Ifølgje Ajkic blir det ein kjedeleg dokumentar dersom programleiaren veit svaret på førehand. Om han skjønar at det han trudde var feil, kjem han ikkje til å leite febrilsk etter noko som kan bekrefte at han kanskje hadde rett likevel (samtale med Leo Ajkic 09.03.2022).

Å gå ut av komfortsona

Det seiast at god journalistikk er proporsjonalt med opplevd ubehag (Per Christian Magnus). Det sjette deltemaet eg skal innom, er å gå ut av komfortsona. Analysen av intervjumaterialet mitt viser at fleire av informantane har opplevd dette i ulik grad under opptak. Milda Melland tenkjer ikkje på konsekvensar og har dermed fått fleire lærepengar i form av ubehagelege

opplevingar. Leo Ajkic har utfordra seg sjølv når det gjeld tematikk og Janne Amble har opplevd å miste kontrollen. I motsetnad til dei andre informantane, har ikkje Kadafi Zaman gått utanfor komfortsona fordi han set klare grenser i eit redaktørstyrt program.

Då Milda Melland besøkte den omdiskuterte swingersklubben Club 4 i Trondheim, tråkka ho langt over eigne grenser. Berre ved å snakke om den episoden, får ho ein klump i magen og blir skikkeleg uvel. Det hadde ingenting å gjere med det faktum at ho på eit tidspunkt kasta kleda og bada naken i boblebadet saman med dei andre gjestane. Den scena såg ho på som uskyldig og uproblematisk. Det ubehagelege var å stå i historiene til menneska ho møtte. Det handla om kor intenst det var på opptak og det komplekse med programleiarrolla der ho ikkje skulle vere fordomsfull. Det ho følte, var i strid med fasaden ho måtte oppretthalde. Ho gjekk rundt i ti timar og lata som om ho heia på konseptet og bekrefta livsløgna deira. Melland møtte mange skjebnar som ho meiner burde ha vore andre plassar. Sarte sjeler som oppsøker miljø som nødvendigvis ikkje er bra for dei. Menneske som eigentleg er ute etter å finne nokon som er glade i dei (samtale med Milda Melland 18.01.2022).

Melland var ikkje forberedt på det som møtte ho på sexklubben og hadde tatt eit minimalt grunnlag av vurderingar i forkant. «Problemet er jo at eg er naiv og ikkje sett grenser. Det var ein utruleg lang dag med pornografi i trynet i ti timar. Så det blei litt mykje» (samtale med Milda Melland 18.01.2022). Då Melland returnerte til hotellet, klarde ho ikkje å sove. Ho trudde at nokon skulle komme inn på rommet hennar fordi ho hadde gått inn i fightmode etter ei ekstrem oppleving. Den same kjensla hadde Melland då ho følgde ein krigsreportar i eit veldig betent konfliktområde der sjia- og sunnimuslimar kriga mot kvarandre i Libanon. Når det blir så ekstremt, enten det er i krig- og konfliktområde eller på ein sexklubb, kan det bli for mange sterke inntrykk. Det blir for mykje for kroppen hennar som agerte på ein viss måte. Etter opptaka på swingersklubben, gjekk Melland til psykolog for å bearbeide hendinga (samtale med Milda Melland 18.01.2022).

Insider FEM-universet tar opp fetisjar, pornografi, prostitusjon, sex og den slags tematikk. I ein av episodane strakk Amble strikken ved å vere til stades under ei pornofilminnspeling. Då var ho ekstremt ukomfortabel på sett. Ho hadde ikkje lyst til å vere der og syns det var direkte jævleg. Den tematikken interesserer ikkje Amble seg for, og ville aldri ha brukt seg sjølv personleg på det planet (samtale med Janne Amble 17.12.2021). Her ser vi eit klart skilje

mellom Janne Amble og Milda Melland. Melland brukar seg sjølv mykje meir aktivt i dette universet og har ingen problem med å by på seg sjølv i ein slik kontekst.

Ein av gongane Janne Amble hadde minst kontroll framfor kamera, var då ho prøvde seg som tiggjar i Oslo i *Insider FEM*. Amble fekk nesten panikk av å gå i dei kledda og måten ho blei behandla på. Heile situasjonen var utruleg ubehageleg. Samstundes visste ho at opptaka kom til å bli gode. Det er når det gjer litt vondt at det blir bra TV. Janne Amble har også opplevd ubehag under innspeling av *Norge bak fasaden*. Då dei laga episoden om barneovergrep, snakka ho med eldre menn, forkledd som ei 12 år gamal jente. Etterkvart avtalte ho å videochatte med ein av dei. Ved hjelp av eit filter på datamaskina, såg Amble yngre ut. Ho ringde opp – og mannen svarte. Akkurat der og då var det ein ekstremt ubehageleg situasjon ho ikkje kunne kontrollere. Ho visste ikkje kva som kom til å skje. Og når det skjedde, var det viktig at ho leverte. Om ikkje mista dei alt. Trass ubehaget skjønnte Amble at ei slik scene er eit stilig element i programmet (samtale med Janne Amble 17.12.2021).

Då Leo Ajkic begynte med TV, lova han seg sjølv at han aldri skulle snakke høgt om politikk. Som utlending i Noreg skulle han lage underhaldning og få folk til å le. Han fekk klar beskjed om å halde seg unna innvandringspolitikk fordi han er innvandrar sjølv. Ajkic har heile livet fått høyre at han ikkje må ta plass. «Eg fekk beskjed om å ikkje stikke meg ut, så eg tok gulltenner i kjeften» (samtale med Leo Ajkic 09.03.2022). Ajkic ville ta plass fordi han heile livet hadde høyrd at han måtte gjere det motsette. Då han vaks opp måtte han vere betre enn dei andre for å bli sett på som like god. Om dei andre i klassen fekk ein femmar, måtte han få ein seksar for å bevise seg. Det har både motivert og forma han til den han er i dag. Det same har feila hans. Ajkic hadde lyst til å vere eit godt forbilde. Etterkvart tok han seg sjølv og ansvaret sitt meir seriøst. Han prøvde nye ting, snakka om seg sjølv og tok steget inn i politikkens verden. Det blei til serien *Leo tar valget*. I etterkant har han fått mange tilbakemeldingar på at det han gjer er viktig nettopp fordi han er innvandrar og minoritet som tørr å snakke høgt om dei viktige temaa (samtale med Leo Ajkic 09.03.2022).

Kadafi Zaman har ikkje følt noko særleg på det å gå ut av komfortsona. *Norge bak fasaden* er eit redaktørstyrt program med kontrollerte forhold. Det er vanskeleg å trække over eigne grenser når ein heile tida har nokon som følgjer med på deg og legg opp løpet for kva som er greitt og ikkje. Det er ingenting han angrar på og han søv godt om natta. Likevel har han opplevd stunder der det har vore usemje i produksjonen. Under innspelinga av *Norge til salgs*

ville Zaman ut i gummibåt med skjult kamera. Det fekk han ikkje lov til fordi produksjonen meinte at det ville vere å trekkje strikken for langt. Her ser vi eit klart døme på at det også kan gå andre vegen (samtale med Kadafi Zaman 17.12.2021).

Baksida av medaljen

Frå utsida kan det verke som draumejobben, men det å vere programleiar er ikkje alltid like lett. Saman med kjendisstatusen, kjem ei rekkje negative sider programleiarane må ta stilling til. Sjøe (2011, s. 160) skriv at «gravande journalistar må før eller sidan rekne med å bli utsett for truslar». Dette har somme av informantane opplevd. I avsnitta under skal eg sjå på det sjuande deltemaet som tar for seg baksida av medaljen. Basert på intervjumaterialet mitt, har både Leo Ajkic og Kadafi Zaman opplevd svært ubehagelege hendingar som følgje av sin plass i offentlegheita. Milda Melland og Janne Amble har sloppe unna det verste av truslar, men har likevel fått kjenne på dei negative sidene ved jobben.

Når ein byr på seg sjølv som programleiar, blir ein svært synleg. Det er få innvandrarak som stikker seg ut. Det har ført til at Leo Ajkic har fått alt frå hat i kommentarfelt til drapstruslar frå høgreekstreme. Kritikarane påstår at Ajkic promoterer fri innvandring og øydelegg Noreg og den norske kulturen (samtale med Leo Ajkic 09.03.2022). Ajkic er ikkje den einaste som har opplevd truslar. På det personlege plan er Kadafi Zaman vane med truslar gjennom nyheitsjobbinga. Under innspelinga av episoden *Hatet* oppstod det ein situasjon der Zaman blei skjelt ut under ein SIAN-demonstrasjon. «Kva gjer pakistanarak i Noreg?» skreik ei dame til han i megafon. Zaman opplevde ikkje den enkeltepisoden som problematisk, men valde likevel å inkludere klippet i programmet. Zaman blei såra privat samtidig som han er profesjonell og held fram rapporteringa.

Det var jo ei gåvepakke for programmet eigentleg. Sett i etterkant. Med der og då var det litt leit. Eg var live på Nyheitskanalen og hadde på nyheitsfilteret der eg ikkje brydde meg. Eg berre rapporterte og hadde nok litt steinansikt. Samtidig blir eg jo såra. Private Kadafi blei såra. Kvifor blir eg hengt ut? (samtale med Kadafi Zaman 17.12.2021).

Milda Melland er glad for at ho har gjort *Insider FEM* som er eit lite univers med forholdsvis låge sjåartal. Ho har ikkje blitt ein offentlig person og veit heller ikkje om ho hadde takla å skulle tenkje over korleis ho opptre i det offentlege rom til ei kvar tid. Melland har fått nokre sinte mailar, tilbakemeldingar og kritikk. Dess meir offentlig ein blir, dess fleire slike

meldingar tikkar inn. For Melland held det med dei meldingane ho allereie har mottatt. Sjølv om ho er trygg i seg sjølv og kan stå i det, går det innpå ho til ei viss grad (samtale med Milda Melland 18.01.2022).

Programleiarjobben krev ulike ting både på det personlege og profesjonelle plan. Somme gonger er det først når Janne Amble kjem heim frå jobb at ho skjønner kva ho har vore med på og tar innover seg dei personlege kostnadane av å møte menneske i håplause situasjonar. Sjølv om det pregar Amble, er det også fint fordi det gjer at ho får perspektiv på eige liv. Eigne problem er ikkje like alvorlege lenger fordi ho er klar over kor vondt og vanskeleg andre har det. Amble meiner at ho har fått eit betre liv fordi ho ser kor utruleg privilegert ho er og kor bra ho faktisk har det.

Du ber jo med deg mange vanskelege historier heim på privaten. I dag har eg sete i fire timar på eit kontor og flørta med vaksne menn som trur eg er tolv år. Eller i dag har eg møtt ei jente på sju år som klorar seg til blods om natta og seier at ho vil døy fordi ho hatar livet sitt og vil ikkje på skulen fordi ho er eit mobbeoffer. Det er sånne historier. Når du møter den jenta. Det sitter sånn i (samtale med Janne Amble 17.12.2021).

Mange søker seg til mediebransjen fordi dei vil bli sett, komme på TV og bli kjendis. Det gjer at dei vel å gå langt for å tilfredsstille både produksjonsselskap og kanal. Det funkar om programleiaren er vaksen og i stand til å setje egne grenser. Dess yngre og meir uerfaren programleiaren blir, dess farlegare blir det fordi ein blir pressa frå alle kantar. For Amble har det vore viktig å setje klare rammer for å handtere slikt press. Dersom ho skal prioritere egne interesser og behov, må ho forstå at hennar agenda er det berre ho sjølv som kan ivareta. Alle andre har ein annan motivasjon. Til sjuande og sist er det ingen som ser programleiaren sitt beste anna enn programleiaren sjølv. Kva er det som er riktig for meg? Kva er det som er viktig for meg? Kva er det som kjem til å bli viktig for meg når dette er over? Dette er spørsmål Amble stiller seg sjølv undervegs i arbeidet.

Ingen tar vare på programleiaren. Eigentleg. Og fordi du er den privilegerte stjerna og kjendisen du er, skal du berre halde kjeft og vere nøgd. Programleiaren er berre eit produkt til å lage programmet. Du er berre ei døgnfluge. Så fort serien visnar så er du også daud. Om du ikkje innfinn deg med det, blir det slitsamt (samtale med Janne Amble 17.12.2021).

Då Janne Amble jobba med *Insider FEM* for ein liten kanal med lite budsjett, fekk ho lite merksemd, lite støtte og følte seg nokså aleine til tider. Ho blei til slutt sjukemeldt fordi det blei for slitsamt. No har Amble vore i bransjen lenge nok til å skjønne når nokon skal ha ho til å gjere noko som gagnar dei sjølve. Det vil ein regissør, ein kanal og eit produksjonsselskap alltid gjere. Dei er der ikkje for at programleiaren skal ha det bra. Dei er der for å lage produktet sitt og tene pengar. Eit døme der interessene stod tydeleg imot kvarandre, var då Amble skulle fortelje si personlege aborthistorie. Etter at dei hadde filma sjølve scenen, kjendest det feil. Amble ville filme på ny for å presentere saka på ein måte ho kunne leve med i ettertid. Det var viktig for ho at det blei gjort på hennar premiss fordi tematikken var såpass nær og personleg. Produksjonsselskapet hadde verken tid eller råd til nye opptak. Det enda med at Amble måtte komme opp med ein versjon som ho var komfortabel med utifrå det materialet dei allereie hadde tilgjengeleg. Amble får den dag i dag ei dårleg kjensle av abortscenen. Som programleiar er ein bunden til produktet på ein heilt annan måte enn dei andre i teamet. For produksjonen er det eit produkt dei leverer frå seg. For Amble er det noko ho ber meg seg for resten av livet. Programleiaren står med produktet i handa og må forsvare det til evig tid (samtale med Janne Amble 17.12.2021).

Korleis lukkast som programleiar?

Eg har no tatt for meg sentrale og utfordrande aspekt ved programleiarrolla der informantane har delt sine erfaringar på godt og vondt. I det åttande og siste deltemaet skal eg ved hjelp av intervjumaterialet prøve å summere kva som definerer ein god programleiar. Her er informantane nokså einige. På bakgrunn av forskinga mi, kan eg konkludere med at det er historia til menneska ein møter som er viktigast. Gerhard Helskog og Milda Melland er klare på at det ikkje handlar om programleiaren. Janne Amble er opptatt av å ta sjåaren med på reisa. Kadafi Zaman meiner ein må vere open og hyggeleg, samtidig som ein evnar å vere hard og konfronterande. For Leo Ajkic handlar det om å skilje seg ut frå mengda og spele på dei eigenskapane som gjer ein god.

Gerhard Helskog legg vekt på at det er historia som er stjerna – ikkje journalisten.

Programleiaren er ein del av formidlingspakka for å kaste lys på menneske som har noko viktig å fortelje. Formidlaren i TV-verda skal finne menneske han kan skyve framfor seg, vise fram og få til å opne opp. Dersom det er nødvendig å bruke seg sjølv som bindemiddel og forteljargrep, er det i orden så lenge ein ikkje går i vegen for historia som blir fortalt (samtale med Gerhard Helskog 10.03.2022).

Helskog meiner journalisten må ha ideal og tankar som er større enn kvardagen. Det er viktig å reflektere over kva som er stort og smått i livet. Det eksisterer historier der ute som er mykje større og rammande enn det vi opplever her i Noreg. Hensikta med å vere journalist er å hjelpe andre og opplyse befolkninga til å ta informerte val. Ein kan gjerne underhalde for å få publikum til å følge med på det som er viktig. Menneske treng også å slappe av. Då bør journalisten få publikum til å le. I tillegg må ein vere orientert, følge med og vere interessert i andre menneske. Om ein sluttar å vere nysgjerrig, sluttar å bli opprørt, sluttar å ville sjekke ein gong til, sluttar å gå mot straumen - då er ein likegyldig. «Du må vere villig til å setje ditt namn og rykte på spel ved å ta nokre sjansar. Det må vere litt chilli i gryta. Av og til må det smake litt sterkt» (samtale med Gerhard Helskog 10.03.2022).

Milda Melland meiner det er viktig å tru på at ein som journalist og programleiar kan utrette ein forskjell ved å opplyse folk. Melland støttar opp om at det er menneska ein møter og deira historie som er det viktigaste. Ein treng ikkje kle seg opp eller sminke seg fordi det handlar ikkje om programleiaren. Melland sitt fokus er alltid å få menneska ho møter til å skinne. For at dei skal bli komfortable og fortelje si historie, må programleiaren vere til stades og bry seg. I tillegg må ein aldri gå på kompromiss eller akkord med seg sjølv. Det aller viktigaste er å følge sitt indre kompass, vere tru mot seg sjølv og stå for det ein meiner (samtale med Milda Melland 18.01.2022).

Kadafi Zaman meiner ein god programleiar bør vere nysgjerrig, svolten og behandle folk med respekt. Journalisten må lytte til kva folk har å seie og komme med oppfølgingsspørsmål. Kritiske også. Det å vere nysgjerrig betyr ikkje at ein er lydig. Ein må vere hard og konfronterande der det trengs, samtidig som samvittigheit er ein viktig eigenskap. «Det er eit breitt spekter frå nysgjerrig, open, hyggeleg, undrande, men også konfronterande, rå og kanskje litt kynisk» (samtale med Kadafi Zaman 17.12.2021).

Janne Amble meiner ein god programleiar klarer å byggje bru mellom sjåaren og det som skal formidlast. På den måten blir publikum med inn i det ukjende universet og forstår historia betre (samtale med Janne Amble 17.12.2021). Zaman og Amble trur *Norge bak fasaden* har slått an fordi utgangspunktet er å gjere sjåaren klokare ved å fortelje om ting som skjer i landet vårt som vi ikkje veit så mykje om. Dette gjer dei utan å vere dømmande, ha eit klart premiss eller ein spiss vinkel. Dei undersøkker opne, spanande og gjerne litt mystiske tema

som sjåaren kan kjenne seg igjen i. Det trenger ikkje nødvendigvis vere avsløringar. Somme gonger kan det vere enkelt og lite jålete. Hemmelegheita er ifølgje Zaman å bruke heilt vanlege menneske med enkeltskjebnar som går igjennom prosessar i livet. I staden for ekspertar og framandord, nyttar Amble og Zaman bevisst eit enkelt språk og eit lett ordforråd (samtale med Kadafi Zaman 17.12.2021).

Leo Ajkic meiner det blir bra TV dersom programleiaren set av god tid til menneska han møter. Journalistikk er så mykje forskjellig og det er fleire vegar til rom. Ajkic har sin eigen måte å vere programleiar på og prøver å spele på dei tinga som gjer han god. Det han før såg på som sine veikskapar, har no blitt styrkar. Det at han får lov til å snakke gebrokkent, noko han lenge prøvde å kvitte seg med som ung, har blitt ein positiv del av han. Ajkic hadde ikkje skilt seg ut om han hadde snakka like perfekt som nordmenn. Han hadde ikkje vore spesiell om han hadde lært seg alle spørsmåla på førehand og levert dei perfekt. Det er fint å gjere jobben på ein måte som ikkje er heilt A4.

Det er ikkje hjarteoperasjon vi driv med, sjølv om vi gjerne skal røre ved hjarta ditt. Vi lagar det same produktet, men det finnast mange måtar å gjere det på. Det er som religion. Det finnast berre éin Gud, men mange måtar å tilbe han på (samtale med Leo Ajkic 09.03.2022).

Ajkic liker å jobbe med ulike prosjekt der han får vist fram dei forskjellige sidene ved seg sjølv. Han prøver alltid å inkludere humor for å ha det kjekt på jobb. Sjølv om tematikken er alvorleg, betyr det ikkje at ein må vere trist og lei. Ajkic samarbeider ofte godt med personar som er stikk motsett av han sjølv og som har eit sett med klare rammer. «Eg jobbar med folk som har eit glasbur og slepp meg laus innanfor dei rammene. Dei lagar glasburet også er eg ein ball som sprett frå vegg til vegg. Eg går aldri heilt ut, eg er alltid innanfor ramma. Også køyrer eg min ting der» (samtale med Leo Ajkic 09.03.2022).

Oppsummerande diskusjon

Det er historia som er stjerna - ikkje programleiaren. Det viktigaste er alltid menneska ein møter og budskapet dei kjem med. Programleiaren er til stades for å løfte intervjuobjektet fram og gjere historia betre. Hovudfokuset i denne oppgåva var å finne ut kva rolla som programleiar innebar – på godt og vondt. Målet var å bli klokare på korleis ein kan bruke seg sjølv til det betre og dermed styrke journalistikken ein lagar. Eg vil no returnere til oppgåva si overordna problemstilling som tar for seg korleis ein som programleiar kan by på seg sjølv

slik at det tilfører historia substans og ikkje villeier sjåaren. Det er vanskeleg å komme med eit fasitsvar då dette er ein problematikk kvar enkelt programleiar sjølv må vurdere. Informantane har ulike tilnærmingar som fungerer for den enkelte og vel sjølve kor profesjonelle, personlege eller private dei vil vere.

Etter å ha identifisert og analysert åtte ulike deltema og sett informantane opp mot kvarandre, viser forskinga mi at det er plass til programleiaren sine eigne tankar, refleksjonar og historier i dokumentaren. Det er ikkje feil å bruke seg sjølv i journalistikken ein lagar, men det er ikkje nødvendigvis rett heller. Dersom ein tar plass og krev merksemd vekk frå det som er viktig, som er historia og karakterane ein møter, har ein mislukkast. Sjølv om det ikkje alltid er relevant å høyre om programleiaren, er det somme gonger riktig å bruke seg sjølv som eit reiskap for å gjere historia betre. Programleiaren er ein del av formidlingspakka for å kaste lys på menneske som har noko viktig å fortelje. Dersom det er nødvendig å bruke seg sjølv som bindemiddel og forteljargrep, er det i orden så lenge ein ikkje går i vegen for historia som blir fortalt. Informasjonen ein deler må vere både viktig, relevant og interessant for publikum. Dersom ein opnar opp, må det vere fordi det kan bidra til innsikt i eit tema som angår fleire. Om breidda blant norske sjåarar kan relatere seg til programleiaren si personlege oppleving, er det relevant å dele.

Det er viktig å vere bevisst på kva rolla som programleiar inneber. Det leier oss til underproblemstillinga som tar opp korleis ein som programleiar kan by på seg sjølv utan å tråkke over eigne grenser på vegen. Dersom ein først vel å dele, må ein vere klar over at andre i produksjonen har ein annan motivasjon og agenda. Programleiaren er eit produkt for å lage programmet. Til sjuande og sist er det berre programleiaren som kan stå opp for seg sjølv. Det er difor viktig å setje klare grenser for kva ein er komfortabel med å dele.

Det er når det gjer litt vondt at det blir bra TV. Ein må tørre å utfordre seg sjølv samstundes som ein ikkje tøyser strikken for langt. Som programleiar må ein ta stilling til kjendisstatus, eksponering, merksemd, kritikk og truslar. Det er fort å gå i fella der ein bli sjølvnyttande i rampelyset og mistar seg sjølv i jakta på å tilfredsstille sjåaren. Det er difor viktig å følgje sitt indre kompass, vere tru mot seg sjølv og stå for det ein meiner.

Som programleiar bør ein vere open og ærleg på kamera generelt og i møte med andre menneske spesielt. Ein treng ikkje spele skodespel eller gå inn i ei rolle. Alt må ikkje vere

perfekt. Målet er å få publikum med på reisa. Sjøåren identifiserer seg ikkje med ei perfekt framstilling av verda. Ein bør senke skuldrene og tenkje at den ufiltrerte historia er god nok. Programleiaren må vere seg sjølv og stole på at det er bra nok. Om ein i tillegg er nysgjerrig, open, hyggeleg, undrande, konfronterande, rå og kanskje litt kynisk, kjem ein langt i dokumentarverda.

La oss returnere til utgangspunktet for sjølve oppgåva. Kvifor valde Gerhard å avstå frå å fortelje historia om mor hans? Det enkle svaret er at han fekk det ikkje til. Dei første åra prøvde Helskog å skrive bok. Han vurderte også å fortelje historia som programleiar. Det blei for nært, nærsynt og sentimentalt. Det mangla oversikt, overblikk og ein kritisk distanse. Dei siste åra har arbeidskapasiteten til Helskog blitt kraftig redusert grunna sjukdommen Parkinson. Han har ikkje den same gnisten som han ein gong hadde. Journalisten som elska å jobbe oppunder deadline for nyheitene blir no stressa berre ved tanken. Han er rett og slett ikkje frisk. Skulle historia forteljast, måtte nokon andre ta den tunge jobben med å setje ho saman til ei historie som var til å begripe. Den beste løysinga var at Tonje Steinsland fortalde for han. Helskog ga frå seg kontrollen og erkjende rolla som intervjuobjekt og informant. Han stolte fullt og heilt på Steinsland og meiner ho er ein av Noregs suverent beste forteljarar. Det var trygt å leggje ei så viktig historie frå livet hans i hendene hennar (samtale med Gerhard Helskog 10.03.2022).

På bakgrunn av forskinga mi, ser det ut til at programleiaren som reiskap går i periodar. Ein periode skal programleiaren føle på alt, medan den neste skal journalisten skru av og vere anonym. Somme går så langt som å seie at dette konseptet er i ferd med å bli oppbrukt, som bringer meg over på ein annan tematikk som hadde vore interessant å gå vidare på. Ei kvar studie har sine veikskapar og eg vil difor oppmode til vidare forskning på denne spanande tematikken. Ved hjelp av andre metodar kan ein analysere dette fenomenet over ein lengre tidsperiode for å sjå korleis bruken av programleiaren i dokumentarsjangeren forandrar seg over tid.

Litteraturliste:

Allern, S. (2018) *Journalistikk og kildekritisk analyse*. 2. utg. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Brurås, S. (2014) Kapittel 3: Journalistrollen. *Etikk for journalister*. 5. utg. Bergen: Fagbokforlaget, s. 37-63.

Discovery+. (2017-2021) *Insider FEM*. [Internett] Tilgjengeleg frå: <<https://www.discoveryplus.com/no/show/insider-fem>>

Grenness, T. (2020) *Slik løser du metodeproblemene i bachelor- og masteroppgaven*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Handgaard, B., Simonsen, A.H. og Steensen, S. (2013) Kapittel 3: Idéutvikling. *Journalistikk. En innføring*. Oslo: Gyldendal Akademisk, s. 65-86.

Handgaard, B. (2020) Kapittel 11: Dokumentarer, dokusåper og reality. *Historiefortelling på digitale plattformer*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk, s. 275-301.

Kjensli, V. (2012) Kapittel 2: Finn journalisten! Hva gjør en journalist? *Rett på sak! Lærebok i praktisk journalistikk*. Kristiansand: IJ-forlaget, s. 31-43.

Knudssøn, K., Berentsen, A. og Bakke, S. (2019) *Søppelsmuglerne*. NRK Brennpunkt 2019. SKUP-metoderapport. [Internett] Tilgjengeleg frå: <<https://www.skup.no/rapporter/2019/soppelsmuglerne>>

Njaastad, O. (2012) Kapittel 6: Journalistikken og virkeligheten. *Nyhetsjournalistikk. Journalistens samfunnsoppdrag*. Oslo: Gyldendal Akademisk, s. 91-109.

NRK TV. (2013) *Leo tar valget*. [Internett] Tilgjengeleg frå: <<https://tv.nrk.no/serie/leo-tar-valget>>

NRK TV. (2017) *Flukt*. [Internett] Tilgjengeleg frå: <<https://tv.nrk.no/serie/flukt>>

NRK TV. (2019a) *Uro*. [Internett] Tilgjengeleg frå: <<https://tv.nrk.no/serie/uro>>

NRK TV. (2019b) *Søppelsmuglerne. Brennpunkt*. [Internett] Tilgjengeleg frå: <<https://tv.nrk.no/serie/brennpunkt/2019/MDDP11000819>>

NRK TV. (2021) *Rus*. [Internett] Tilgjengeleg frå: <<https://tv.nrk.no/serie/rus>>

NRK TV. (2022) *Uønsket*. [Internett] Tilgjengeleg frå: <<https://tv.nrk.no/serie/uoensket>>

Næss, H.E. og Pettersen, L. (2017) *Metodebok for kreative fag*. Oslo: Universitetsforlaget.

Oslo Tingrett. (2010) *Suraia Rais mot Åsne Guldahl Seierstad og Cappelen Damm AS*. Saksnummer 08-085721TVI-OTIR/04. 23. juli 2010. [Internett] Tilgjengeleg frå: <<file:///Users/kristinaopheim/Downloads/IJ-nr+2010-05+-+Kabulbokhandlersaken+-+privatperson+mot+forfatter+forlag+-+Oslo+tingrett+2010-07-23.pdf>>

Pettersen T. (2015) *SKRIV. Fra idé til fagoppgave*. 2. utg. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Rachlew, A., Løken, G.E. og Bergestuen, S. T. (2020) *Den profesjonelle samtalen. En forskningsbasert intervjumetodikk for alle som stiller spørsmål*. Oslo: Universitetsforlaget.

Seierstad, Å. (2003) *Bohandleren i Kabul. Et familiedrama*. Oslo: Cappelen Damm.

Steensen, S. (2016) Kapittel 10: Om refleksjon og bruken av «jeg». *Stedets sjanger*. 2. utg. Oslo: Cappelen Damm Akademisk, s. 157-167.

Steinsland, T. (2021) *Mors hemmelighet*. TV 2. 17. oktober 2021. [Internett] Tilgjengeleg frå: <<https://www.tv2.no/spesialer/nyheter/mors-hemmelighet>>

Sjue, F. (2011) Kapittel 15: Trusler – noe å bry seg om? *Undersøkende journalistikk. En innføring*. Kristiansand: IJ-forlaget, s. 160-165.

TV 2 Play. (2013-2021) *Vårt lille land*. [Internett] Tilgjengeleg

frå: <<https://play.tv2.no/programmer/fakta/vaart-lille-land/sesong-10/vaart-lille-land-10-episode-1-1690030.html?play=true>>

TV 2 Play. (2016) *Norge til salgs*. [Internett] Tilgjengeleg

frå: <<https://play.tv2.no/programmer/fakta/dokument-2-norge-til-salgs-1093143.html>>

TV 2 Play. (2019-2021) *Norge bak fasaden*. [Internett] Tilgjengeleg

frå: <<https://play.tv2.no/programmer/fakta/norge-bak-fasaden>>

TV 2 Play. (2021) Mors hemmelighet. *Vårt lille land*. Sesong 10. Episode 1. 17. oktober

2021. [Internett] Tilgjengeleg frå: <<https://play.tv2.no/programmer/fakta/vaart-lille-land/sesong-10/vaart-lille-land-10-episode-1-1690030.html?play=true>>